Part: Nei, motivasjonen var at eg kunne ikkje ha det slik som det var, for atte han lagte mykje problem, sånn som det var. Og uforklarleg for meg.. Eg søkte først hjelp hos lensmannen, og spurde om det var mogleg.. Det var vell han som tipsa meg om jordskifteretten. Så eg følte at eg vart vanvittig godt hjulpen av jordskifteretten.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen, eller mista du på noko tidspunkt motivasjonen?

Part: Nei, eg var motiverte heile tida.

Intervjuar: Dinna relasjonen til motpart, er han nabo eller søsken eller?

Part: Nabo.

Intervjuar: Og korleis var forholdet dåkas før denne saken då? Var det mykje konflikt eller hadde dåke eit elles godt forhold?

Part: Det var litt spesielt. (Anonym person) gjekk på garden hos meg og eg følte helst at han var ungen min. Og det følte han sjølv og. Og så kva som gjorde det seinare.. Eg hjalp han jo med mykje traktor og utstyr og han fekk gå å låna den han ville, fritt. Men plutselig så var det noko så skjedde, eg veit ikkje kva det var. Eg var nærmast ein idiot, og så vart alt gale. Og eg visste ikkje kva som skjedde, og han var ikkje til å snakka med. Så eg var faktisk talt litt redde han der, og det var derfor eg gjekk til lensmannen. Han trua jo med både det eina og andra. Eg følte at dette måtte eg få i orden før me gav frå oss garden, og ikkje ville ikkje ha det sånn.

Intervjuar: Så dåke hadde på ein måte eit samarbeid i dei tidlegare åra?

Part: Ja, samarbeid og samarbeid. (Avsnitt vekke pga. anonymitet). Så han har faktisk kosta meg nokre hundre tusen i form av utstyr og slikt, men eg har aldri.. Det viktigaste for meg var å få dette.. Få reine linjer, og få dette ut av verden. For no trenge eg ikkje å forholda meg til han, slik som eg måtte tidlegare.

Intervjuar: Så dåke har ikkje hatt noko form for samarbeid i ettertid av jordskiftet?

Part: Nei, nei, nei.

Intervjuar: Kva synst om forholdet dåkas etter jordskiftet? Har det blitt noko forandring? Betre eller verre?

Part: Du, for å sei det sånn så gjere eg ingenting for å gjer det betre. Så enkelt er det. No har den nye generasjonen tatt over garden, så visst dei vil ha eit betre samarbeid, så er det opp til dei.

Intervjuar: I kva grad følte du at du vart forstått av dommaren i den saken?

Part: Eg følte at dommaren forstod meg, og dommaren trur eg underskua kva som var gale, ganske fort. Sånn atte det var egentlig slik som eg hadde foreslått, og han har fått tilbod om å gjera dette i mangfoldige år før den tid. At det var ei god løysing, men men..

Intervjuar: Kva synst du saksbehandlinga då? Følte du deg trygg, eller?

Part: Nei, eg følte meg trygge. Eg følte meg trygge, og at det var gode og solide folk. Han jordskiftedommaren var meget dyktig. Han.. Eg følte at han gjekk fram, slik at begge partar fekk komma med synstpunkta, og det vart grundig diskutert. Nei, eg følte at dette vart gjort voldsomt ryddig.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å i vareta dine interesser?

Part: Tjaaa.. Av retten så sku eg hatt 260 000 kr av denne naboen, for at han kom betre ut med dyrka jord. Men eg var så lei av denne saken, og ville ha den ut av verden, så eg sa at det var greitt med makebyttet, så skulle han heller få sleppa å betala noko. Sånn sett så fekk eg signal frå jordskifteretten at eg hadde rett på. Dei hadde sett opp at han skulle betala meg 260 000 kr.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Nei, eg har ikkje.. Naboforholdet var jo eigentleg, det var øydelagt føre så.. Så det har eg ikkje tenkt på ein gong. Det viktigaste var å få orden på dette her, slik at det skulle vere godt for dei som kom etter meg. Og at alt skulle vere rasjonelt og godt.

Intervjuar: Er det nokre andre som har pressa deg med på jordskifte, evt. nokre frå bygda?

Part: Nei, nei.

Intervjuar: Han motpart, korleis var oppførsel hans undervegs i jordskifte?

Part: Nei, den var veldig virrande og spesielle. Sånn atte eg trur dei fekk eit inntrykk av at det ikkje kom til å bli noko einigheit, eigentleg. Det vart at dommaren måtte sei korleis dette skulle vere, og då då.. såg han etterkvert, og hans advokat etterkvert kva veg det bar. Så han måtte berre godta det.

Intervjuar: Så dåke begge brukte advokat?

Part: Begge brukte advokat.

Intervjuar: Tilbake til konfliktnivå. Før jordskiftesaka, då var det eit konfliktnivå, eller?

Part: Ja, det var jo for så vidt det. For han gravde jo ein kanal og la det rett inn på min eigedom og nekta å gjere noko med det. Og han sa gjerne at han skulle gjerda eit gjerde som var hans, og som han då aldri gjorde. Og då endte det med at måtte ta sånne oppgåver sjølv, for han gjorde aldri nokon ting. Og det med å grusa vegar, altså felles vegar, var heller aldri gjort. Og det måtte eg gjer. Alt var eigentleg.. Han, han.. Han gjorde ingenting, og han gjere faktisk talt ingenting i dag heller. Eg ser han heller aldri ute på jorda, så.. Det var ikkje godt å ha det slik, det måtte me berre få orden på.

Intervjuar: Undervegs i jordskifte, følte du at konfliktnivået auka eller minska då?

Part: Nei, eg kan ikkje sei at det auka vertfall. Det gjorde det ikkje..

Intervjuar: Kva med i dag då? Er det noko endring i forhold til tidlegare?

Part: Det er ikkje noko konflikt i det heile tatt, for eg har ikkje noko med han å gjer. Så det er jo heilt greitt. Og ikkje behøver eg å ha noko med han å gjera heller, for dette er eit ordna forhold no.

Intervjuar: Kva tenker du om framtida då?

Part: Nei, framtida den ligge godt til rette for både han og oss. Visst atte.. Det er vertfall ingenting som sku tilsei at den eine kom voldsomt ringare ut enn den andre. Eg synst det vart ordna på ein skikkeleg god måte.

Intervjuar: Eit siste spørsmål er om du har noko meir du vil tilføya?

Part: Ja, det måtte vera at.. No er eg over 60 år, men likavel så visste ikkje eg om jordskifteretten. Og at ein kunne bruka jordskifteretten så godt som dette. Det kunne vore litt betre opplyst, for det var vanvittig positiv hjelp å få. Og det vil eg tru at mange kunne nytta seg av i konflikhtar, der jordskifteretten kunne gått inn. Og eg følte at dei var tunge. Det som jordskifteretten gjekk for var skikkeleg gjennomtenkt og godt.. gode argument for at det skulle vera slik og slik. Følelsen for jordskifteretten var meget, meget positiv. Men det kunne godt vore publisert litt betre at det fantest. Det kunne det.

Transkribering 7

(Opplesing av informasjonsskriv)...

Intervjuar: Kor bevisst er du på makebyttet? Tenke du over det i dag.

Part: Nei, det gjekk heilt greitt.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten?

Part: Ja, nei eg hadde ein galen nabo, og såg det som einaste løysing.

Intervjuar: Ja, så det var du som hadde eit ønske om å fremma saken då?

Part: Ja, det var eg som fremma saken.

Intervjuar: Var du aktiv i saken?

Part: Kva meiner du med det?

Intervjuar: Var du deltakande i saken, altså møtte på rettsmøte og andre ting i forbindelse med saken?

Part: Åja, jaja. Det var eg.

Intervjuar: Følte du at resultatet vart eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei, eigentleg ikkje.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine i jordskifte?

Part: Nei, dei var veldig greie. Det var flinke folk i (anonym stad).

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Nei.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over å få nye naboar?

Part: Nei.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel?

Part: Nei. Eller eit rolegare naboforhold for å sei det sånn.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ.

Part: Ja, me kan godt sei 8.

Intervjuar: Kor lenge har du brukt eller budd på dette arealet som gjekk i skiftet?

Part: Nei, eg har jo budd her i 65 år.

Intervjuar: Har arealet tidlegare vore i din familie?

Part: Ja.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i skiftet, arbeidde du fulltid eller deltid på det?

Part: Deltid.

Intervjuar: Klare du å estimera talet timar i året?

Part: Neeee,, hmm.. 500 kanskje.

Intervjuar: På ein skala på 1-10 igjen, kor viktig var det arealet som gjekk i skiftet for deg følelsmessig. Då er 10 viktigast.

Part: Ja, me kan sei 8 der og.

Intervjuar: Det arealet som vart bytta vekk, var det tun, dyrka mark, utmark, eller?

Part: Det var litt utmark, og litt sånn fjæraparti.

Intervjuar: Tenke du mykje på arealet som gjekk i skiftet i dag?

Part: Nei, nei.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Nei, me hadde jo ein litt vanskeleg og rar teig, som me no har fått orden på.

Intervjuar: Synst du at eigedomen din kom betre ut av saken?

Part: Iiii ja, faktisk det. Me fekk vertfall retta opp i gamle synder.

Intervjuar: Tok det lang tid frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad?

Part: Nei, det huske eg ikkje... Kanskje 1 års tid eller noko slikt.

Intervjuar: Tok det lang tid å venna seg på tanken at du skulle bytta areal?

Part: Nei.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytta av denne saken, for eksempel i ein ny veg, industriområde eller hytteområde?

Part: Nei.

Intervjuar: Klare du å sei noko om motivasjonen for å gjennomføra saken? Var det for å fiksa gamle synder?

Part: Jaa,, ehh.. Eg hadde ein som arva ein eigedom som vart heilt galen, så eg såg at her måtte eg ta i eit tak og få til eit makebytte eller jordskifte, og bli ferdig med det. Så det gjekk veldig greitt.

Intervjuar: Var du motivert gjennom heile jordskiftesaken, eller vart du litt sånn...?

Part: Ja, ja.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til dei andre partane? Er det naboar eller familie eller?

Part: Nei, såne som arva ein eigedom.

Intervjuar: Korleis var forholdet mellom dykk før jordskiftet?

Part: Ehh, nei det var vell sånn rimeleg greitt.

Intervjuar: Hadde dåke noko form for samarbeid før jordskifte?

Part: Nei, nei.

Intervjuar: Har dåke hatt det i ettertid?

Part: Nei.

Intervjuar: Korleis var forholdet etter jordskiftesaka?

Part: Nei, det var når for så vidt litt amper motpart, men det var når greit nok.

Intervjuar: Vil du sei at forholdet vart betra av jordskiftesaken?

Part: Ehhh, nei, eigentleg ikkje. Men me vart når vertfall ferdig med det.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren?

Part: Nei, dommaren var veldig flink.

Intervjuar: Denne saksbehandlinga, gav den deg tryggleik eller noko usikkerheit eller?

Part: Nei.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å i vare dine interesser?

Part: Ja

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Nei, eigentleg ikkje.

Intervjuar: Har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei.

Intervjuar: Kan du sei noko om oppførsel til motpart?

Part: Nei, dei hadde sjølvsagt masse idear når det kom, og liksom skulle gjera det eine og det andre, men det falt i fisk etter kvart som det utvikla seg.

Intervjuar: I kor stor grad brukte du og motpart advokat?

Part: Ehh.. Me hadde vell advokat begge to, faktisk.

Intervjuar: Og litt om konfliktnivå, vil du sei at det var eit konfliktnivå før saka vart fremja?

Part: Ehh.. ja, det var vell eigentleg grunnen til at eg tok jordskifte for å få ned konfliktnivået.

Intervju: Vil du sei at konfliktnivået auka eller minska undervegs i jordskifte?

Part: Ja, det har jo minka.

Intervjuar: No i ettertid, i dag, korleis er konfliktnivået no?

Part: Nei, eg synst det er rimeleg greitt.

Intervjuar: Og eit siste spørsmål er om du har lyst å tilføya noko om saka?

Part: Nei.. eller (fjerna pga. anonymitet).

Transkribering 8

(Opplesing av informasjonsskriv)...

Intervjuar: Kor bevisste er du på dette makebyttet i dag?

Part: Nei, det blei ein sånne.. Noko som skjedde pga. omlegging av ein veg og litt sånne ting. Og så, ja.. Eg var heilt innstilt på at det skulle gjerast.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at saken skulle til jordskifteretten då? Var det emosjonelt eller tøft eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Nei, det var jo.. Eg var jo førebudd på at eg skulle det, og det var noko som var i alle si interessa, alle partane visste dette her. Så atte, det skulle gå gjennom alle dei instansane og alt sån, var heilt førebudd på det og me rekna med at me fekk gjennomslag for alt det der.

Intervjuar: Var du aktiv eller deltakande i saken?

Part: Ehh.. ja, eg var jo grunneigar og eg var jo aktivt med. Me var jo tre grunneigarar på dette her, og me var med å hadde møte med kommunen og fekk komma med innspel på korleis me såg føre oss at dette skulle vera.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten di?

Part: Nei, det følte eg ikkje.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskifte, hugse du det?

Part: Ehh.. nei, ikkje noko voldsomt spesielt. Eg hugsar berre det at dette var ein ting som.. kommunen skulle leggja ein veg, og me var tre involverte partar og me såg veldig greitt korleis dette kunne løysast best for alle partar. Så det var... For min del så fekk eg eit jordstykke som var ganske greitt til å arbeida med etterpå, så i stadenfor å sitta igjen med ein liten trekant på andre sida av vegen, så vart alt likt som.. heilt greitt. Det var ein veldig ryddige prosess og alle var einige og sån, så.. Det er ingenting som eg ville ha gjort annleis i dag, for å sei det slik.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpartane dine sine?

Part: Nei.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over å få nye naboar?

Part: Nei.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, t.d. gitt deg betre trivsel eller betre arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Nei, det har den ikkje.

Intervjuar: Vil du sei du sei at du har fått nokre ulemper eller skadar som følgje av saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10 den positive eller negative effekten saka har hatt på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ.

Part: Ja, då sette eg... Eg har ikkje problem med å setja det på 2 vertfall.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Eg klare ikkje heilt å ta igjen.. Eg hadde eigd i 23 år når saken vart holdt, og akkurat kva tid den vegen vart bygd klare eg ikkje å ta igjen. Men eg hadde brukt den i nokre år, det hadde eg.

Intervjuar: Har dette arealet vore i familien din før du overtok?

Part: Ja.

Intervjuar: Arbeidde du fulltid eller deltid på det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Det.. arbeidde eg fulltid på.

Intervjuar: På ein skala frå 1-10 igjen, kor viktig var det omtalte arealet for deg følelsesmessig? 10 er viktigast.

Part: Nei.. det.. Me visste at det kom veg og alt det dere, og me veit jo det at det skal vera ein fordel atte.. Min gard ligg slik til, at når det skjer noko i forbindelse med vegutbygging, så vert eg ramma. Så eg er innstilt på det. Det er mykje lettare i dag, for garden er ikkje i drift i dag. Men du kan jo velja sjølv om du vil at det skal gå grådig innpå deg og verta deprimert, eller godta det som har med framskritt å gjer. Så, så.. 2 igjen då kanskje.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i skiftet, var det tun eller innmark eller utmark?

Part: Nei, det var dyrka jord.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Ehh...

Intervjuar: Var alt betre før?

Part: Nei, det vil eg ikkje sei. Ehh.. Eg. Der som dette makebyttet føregjekk, der gjekk ein steingard i skiftet til naboen. Den er nok riven vekk. Og liksom marka heng no saman, så for meg var det ingen sjel.

Intervjuar: Så den kom betre ut av saka då altså?

Part: Ja, eg vil sei det. Når alt var slik som det blei, så kom eg grådig godt ut av det.

Intervjuar: Hugse du om det tok lang tid frå jordskifte var gjennomført til endringa fant stad i marka?

Part: Nei, det klare eg ikkje å ta igjen. For det vart gjort av kommunen når dei bygde vegen, så alt det vart gjort i samanheng med det då.

Intervjuar: Hugse du om det tok lang tid å venna seg til tanken på at dåke skulle bytta areal?

Part: Nei, ehh.. Når dette her.. Når me gjekk inn for dette here, så var det heilt greitt. Ingen følelsesmessige problem eller noko slikt i det heile.

Intervjuar: Denne vegen som du snakka om, er det ei goda for lokalsamfunnet?

Part: Ja, det er på ein måte ein del av framtida. Det er ein veg (fjerna pga. anonymisering) i bygda.

Intervjuar: Litt om motivasjon til å gjennomføra saken. Kva var din motivasjon?

Part: Ehh.. Det var jo egentlig å komma best mogleg ut av det sjølv, med det at eg fekk samla all mi jord på mi sida av vegen, at eg ikkje skulle ha ein liten trekant på andre sida, som var veldig vanskeleg å få utnytta.

Intervjuar: Var du motivert gjennom heile jordskifte eller mista du på noko tidspunkt motivasjon?

Part: Nei, eg var motivert heile tida.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til dei andre motpartane? Er det naboar eller familie eller?

Part: Det er naboar, og han eine har eg hatt ein heile del med å gjera. Han andre har eg ikkje hatt så mykje med å gjera, men har eit greitt forhold til dei. Og me hadde alle same innstillinga, slik at det vart greiast mogleg for alle partar.

Intervjuar: Så har du hatt noko samarbeid med ein av desse før jordskiftet då?

Part: Ja, eg leigde ein del jord hos han eine.

Intervjuar: Har dåke framleis samarbeid etter jordskifte?

Part: Ja, me hadde ei lita stund, men ikkje no lengre. Eg har jo avvikla garden, så det er jo avslutta det.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas etter jordskifte? Mellom deg og motpartane evt. medpartane?

Part: Nei, det er heilt likt. Det var ikkje noko forskjell før og etterpå.

Intervjuar: Følte du at du vart forstått av dommaren i denne saken?

Part: Ja.

Intervjuar: Korleis påverka saksbehandlinga dåke? Gav den tryggleik eller noko form for usikkerheit?

Part: Nei, eg vil sei at det gav meg tryggleik. Me var jo fira.. tre grunneigarar og kommunen, og me arbeide mot det same målet alle i saman.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ja.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Ingenting, eg har ikkje vore redd for det i det heila tatt. Sidan at me har hatt som mål at me skulle komma greiast mogleg ut av dette, og kommunen ønska at det skulle verta slik. Så det har ikkje vore bekymringar om det i det heila.

Intervjuar: I kva grad har du kjent på presset frå bygda om å fremja ei løysing som er til det beste for lokalsamfunnet?

Part: Den har eg ikkje kjent på i det heila, for det atte.. Me såg jo det.. Kart vart lagt fram av kommunen si sida, om korleis vegen vart liggjande og sånn, så eg har ikkje følt på noko press i det heile.

Intervjuar: Korleis var åtferda til motpartane?

Part: Heilt fine.

Intervjuar: Har dåke brukt advokat?

Part: Nei.

Intervjuar: Om konfliktnivå, korleis var konfliktnivået mellom dåke partane før jordskiftesaken?

Part: Ehh, eg vil ikkje sei at det var noko konfliktnivå i det heile.

Intervjuar: Så undervegs i jordskiftet, så verken auka eller minska konfliktnivået då?

Part: Nei, ikkje.. Nei.

Intervjuar: Kva med i dag, er alt fint eller ligger noko å ulmer?

Part: Ingenting, alt er fint. Det er heilt fint.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om denne saken?

Part: Nei, for det har jo vore slik at det er ei sak som alle partar har vore interessert i at skal komma greiast mogleg ut, ut frå slik som vegen vart lagt og situasjonen var. Så eg trur det, for min del er kjempe nøgde, og det trur eg at dei to andre og er. Eg har vertfall ikkje høyrte noko anna.

Transkribering 9

(Opplesing av informasjonsskriv) ..

Intervjuar: Er du bevisst på makebyttet i dag?

Part: Nei, ikkje i dag. Den er jo oppe og avgjort den.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten? Synst du at det var emosjonelt eller tøft eller?

Part: Nei, det var jo eg som drog det i gang då.

Intervjuar: Kva var grunnen til det?

Part: Me var noko ueinig om nokre delar og ja..

Intervjuar: Så du var aktiv i saken då, for å sei det slik?

Part: Ja, ja.

Intervjuar: Følte du at gjennomføringa av saken vart eit alvorleg inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei, det vart som forventa det. Eg veit omtrent kor delane går, og veldig ofta så har ein god peiling på kva resultatet blir.

Intervjuar: Og følelsane dine, korleis var dei undervegs i jordskifte?

Part: Følelsene mine undervegs i jordskifte var nokså nøytrale.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Nei, det einaste som bekymra meg i slik måte, var takseringa av skogen, som eg synst kom litt skakt ut av det, og det synst eg framleis.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over å få nye naboar?

Part: Nei, det fekk eg ikkje. Og det låg ikkje i pakka heller.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst?

Part: Nei, eg veit jo kva naboar eg har og kva problem det var, så det var ikkje.. Neida, vaksne folk med naboskap veit jo kva dei går til.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ.

Part: Haha, nei heilt nøytral, takk.

Intervjuar: Dette arealet som vart bytta vekk, hadde du budd eller brukt det lenge?

Part: Ja, altså eg er jo 5. generasjon her. Og eg har jo drive i 30 år, så eg hadde jo brukt det lenge då.

Intervjuar: Det arealet, arbeidde du fulltid eller deltid på det?

Part: Deltid.

Intervjuar: Klare du å estimera kor mykje tid du brukte på det?

Part: Njaa.. bort i mot eit årsverk.

Intervjuar: Klare du å estimera kor viktig det arealet som gjekk i byttet, følelsmessig var for deg? Då er 10 viktigast.

Part: Følelsmessig?

Intervjuar: Ja.

Part: Den er ein praktisk sak då, så det er ikkje noko følelsmessig i det. Det er jo grenser for kva ein har følelsar for.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i byttet, hugse du om det var tun, innmark eller utmark?

Part: Det var innmark og skog.

Intervjuar: Tenke du mykje på arealet som gjekk i byttet, eller er du ferdig med det?

Part: Det er eg ferdig med.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Den var grei den.

Intervjuar: Men du synst den vart betre etterpå, eller?

Part: Me hadde eit areal som vart kommen til ved planering, som me ikkje kom til utan over naboen sin eigedom. Og det vart litt problematisk med tida, og det har jo løyst seg, men elles så vart det ikkje noko endring på det.

Intervjuar: Men hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad?

Part: Nei, det hugse eg ikkje.

Intervjuar: Kor lang tid tok det å venna seg til tanken på at du skulle bytta areal?

Part: Nei, det hadde vell ligge der veldig lenge. Og så satt eg i gang ein gang då. Så å venna seg til tanken, neida.. Det er ein praktisk sak, då.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet elles fått nytta av denne saken?

Part: Nei, den ligger hos oss. Det er ikkje nokre andre som har delar eller åtkomst over desse eigedomane.

Intervjuar: Motivasjonen for å gjennomføra saken, vil du sei noko om det?

Part: Det var ein tvist om arealer, og åtkomst til arealer. Altså løysa det praktiske.

Intervjuar: Relasjonen til motpart, var nabo eller?

Part: Det var nabo, ja.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas før saken kom fram? Var det konfliktfylt eller var dåke einige?

Part: Altså, veit ikkje heilt om det var konfliktfylt eg, men.. Einige var me vell kanskje ikkje, men han sa at eg hadde kommen han i forkjøpet med å ta utskifting.. Men helledussen kor mange år det går.. Så kva han leggjer i det, veit eg ikkje. Men ja, me veit kva slags nabo me har begge to, det er slik det er på bygda. Ein innrette seg etter forholda, slik dei er.

Intervjuar: Hadde dåke noko form for samarbeid før jordskiftet?

Part: Lenge før?

Intervjuar: Ja, før saken kom opp?

Part: Nei, ikkje noko samarbeid på ganske lang tid då, nei.

Intervjuar: Hadde dåke noko samarbeid etter jordskifte?

Part: Nei, det er fint lite.

Intervjuar: Korleis har forholdet dåkas vore no i ettertid av saken?

Part: Heilt nøytralt.

Intervjuar: Så det er ikkje noko forandring i form av betring eller forverring?

Part: Nei. Det er jo klart at me vart kvitt eit konfliktområde, men elles så er det ikkje betre eller verre, visst du tenker på eit menneskeleg plan då.

Intervjuar: I kva grad føler du at du vart forstått av dommaren i saken?

Part: At me vart forstått av han, ja. Jada, me veit jo kva jobben der inneberer, så då er det liksom ikkje... ja.. Det er sånn jobben er, så det er ikkje noko vanskeleg å godta og akseptere det.

Intervjuar: Kva synst du om saksbehandlinga? Følte du det trygg eller utrygg på noko vis?

Part: Neida, eg var ikkje utrygg. Det er klart at det er vurderingar som ein ikkje kjenner til på førehand, men det er ikkje noko usikkerheit pga. av det. Men det er jo spennande å sjå kva dei kjem fram til, sjølv sagt. Men det ligg ikkje noko usikkerheit i dette, sjølv sagt.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ja, men eg trengte vell ikkje noko rettleiing av retten til å ivareta mine interesser, trur eg.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Nei, dei har ikkje påverka avgjerslane mine. For det var for så vidt eit dårleg naboforhold, så det. Så det blir ikkje påverka noko meir eller mindre av det.

Intervjuar: Følte du at du vart pressa av nokre andre?

Part: Neida. Me er jo vaksne mennesker!

Intervjuar: Ja, det er heilt sant! Korleis var oppførselen til motpart undervegs?

Part: Jaja, den var som forventa.

Intervjuar: Sånn passe då?

Part: Jaja..

Intervjuar: I kor stor grad brukte du og motpart advokat?

Part: Ingen.

Intervjuar: No er det litt om konfliktnivå. Var det eit konfliktnivå før saken?

Part: Ja, det var det vell egentleg utan at det var ein open konflikt. Men det toppa seg med det der.

Intervjuar: Undervegs i jordskiftesaken, synst du at konfliktnivået auka eller minska?

Part: Neida, den vart godt uendra.

Intervjuar: Og i dag, kva tenkjer du om i dag?

Part: I dag helder me avstand og slikt.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om saken?

Part: Nei, eg har egentleg ikkje det.

Transkribering 10

(Opplesing av informasjonsskriv)...

Intervjuar: Kor bevisst er du på jordskiftesaken som har blitt gjennomført?

Part: Nei, eg tenke ikkje så mykje over det i og med at eg fekk bytta areal på det mest prisverdige området. Ikkje sant, for det som var tenkt frå naboen si side det var at eg skulle få eit areal som låg vekk frå veg (anonymt namn). Og då ville eg blitt lurt, så ikkje sant, når du klare å gjere det som naboen prøve å lura deg til nok som er fordelaktig til seg sjølv. Då lure du ikkje så mykje etterpå.

Intervjuar: Hadde du eit ønskje om å fremma denne jordskiftesaken?

Part: Før den kom opp.. Eg visste ikkje noko om at det skulle bli ein jordskiftesak der.

Intervjuar: Var du aktiv i denne saken når jordskifteretten køyrde den?

Part: Om eg var aktiv?

Intervjuar: Ja, om du deltok på det du evt. vart kalla inn til i forbindelse med saken?

Part: Nei, eg fekk brev frå jordskifteretten. Det var naboen som tok det inn for jordskifteretten, så det var ikkje eg som gjorde det.

Intervjuar: Følte du at når denne saken kom opp, at det var eit inngrep i eigedomsrett?

Part: Ehh... vanskeleg å svara på det spørsmålet. Det er litt vrient det, så eg kan ikkje sei noko der her og no.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskifte då? Var du positiv?

Part: Eg var positiv, ikkje før det vart forhandla om at eg skulle få ei tunga innforbi eller ovanfor trekanten min. Då vart eg positiv. Det var dei nye eigarane av nabogarden som var einige i det. Men eg fekk med ein gong.. ehh... Eg kunne med ein gong sjå at tidlegare eigar ikkje var nøgd med det. Så det er han som har forma det for dei.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra for kva delar av eigedomen din som kom til å bli motparten din sin?

Part: Ehh.. Det var kun trekanten min som kunne bli motparten sin.

Intervjuar: Så det var heilt tydeleg kva som kom til å bli motpart sin, altså?

Part: Ja, kunne bytta i noko anna.

Intervjuar: Har denne saken forandra deg på noko vis, f.eks. gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Nei, det har ikkje forandra på meg då, men det har.. gitt ulemper eller konflikt rundt kjøp av rundballar, der naboen har slått mitt areal, det arealet som gjekk i skiftet, utan å spør meg. Og

naboen har slått eigedomen min i 3 år, utan å spør om tillatting. Og så krevde naboen pengar for dette, som han har slått på min eigedom.

Intervjuar: Klare du å estimera den positive eller negative effekten saken har hatt på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ og 1 er positiv.

Part: Saken i form av naboen og (anonym organisasjon) har påverka meg negativt. Og kor på skalaen veit eg ikkje, men det har ikkje påverka meg i den grad at eg går rundt og er sur og forbanna til alle tider. Det gjere det ikkje. Men me har aldri snakka om dette her, naboen og meg.

Intervjuar: Det arealet som vart bytta fekk, kor lenge hadde du eigt det på førehand?

Part: Det arealet som vart bytta vekk til naboen, det hadde eg i 39 år då.

Intervjuar: Hadde det vore lengre i din familie?

Part: Ja, det har vore i min familie sidan 1920.

Intervjuar: Det arealet som vart bytta vekk, klare du å sei om du arbeidde fulltid eller deltid på det?

Part: Ja, eg har ikkje jobba noko særleg på det. Det var beite for kyr og hest og sau. Og det var mykje skog, og mykje bjørkeskog.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen før jordskiftet? Likte du den betre då eller?

Part: Det kan eg ikkje svara på. Alt var betre før jordskifte, men det har ingenting med jordskifte å gjer det. For når jordskiftegreme starta, hadde (anonym organisasjon) starta å sprenga og holda eit helvete med å laga ein kjempe veg. Den trekanten min som eg hadde før jordskifte var ok, så lenge ingenting vart gjort.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til dåke hadde bytta areal fysisk i marka?

Part: Det hugse eg ikkje nøyaktig, så eg vil ikkje sei noko anna enn kva eg kan tenka meg eller trur... kanskje 2 år..

Intervjuar: Kor lang tid tok det å venna seg til tanken på å bytta areal då?

Part: Det... det.. Du visste at vegen kom nedforbi, og arealet låg oppforbi, så tanken var heilt ok for meg den. Eg er veldig nøgd med jordskifteretten.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til motpart, var dei naboar?

Part: Ja, naboar ja.

Intervjuar: Så det er ikkje noko slektskap i bilete?

Part: Neida.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas før jordskiftesaken då? Var det einigheit eller var det konflikt?

Part: Det var ikkje snakk om det der i det heile tatt. Så eg hørte av ein heilt annan at gamlingen ville ha tak i trekanten min.

Intervjuar: Så dåke hadde ingen form for samarbeid før jordskifte?

Part: Nei, det var verken samtalar eller samarbeid. Det har ikkje vore det etterpå heller det.

Intervjuar: Så forholdet dåkas i dag, er det noko forhold for å sei det slik?

Part: Det er ikkje noko forhold, men det er greitt nok. Me kan snakka om veret og sånne småtterier, men ikkje noko om saken.

Intervjuar: Vil du sei at forholdet har blitt betre etter jordskiftet, eller er det samaleis?

Part: Den var litt viren. Altså høyr her, me snakka aldri om jordskifte og med veldig god grunn. Dei kan ikkje begynna å snakka om det, for då vil eg plutselig sei det at «dåke har vore heldige no i nokre år». Og så slå og beita dei greiene der, og på toppen og det heila senda rekning for rundballar. Og visst eg begynne å snakka om det, så vil jo dei føla seg jævla små, som har holdt på med det utan å snakka med meg ein einaste gong.

Intervjuar: I denne saken, følte du at du vart forstått av dommaren?

Part: Ja, altså dommaren i jordskifteretten, han blei jo fortalt og vist kva det var regulert til, heile det området der. Så han forstod jo meget godt at eg ikkje ville ha noko borte i huttaheiti.

Intervjuar: Men under saksbehandlinga, følte du deg trygg undervegs eller usikker på den?

Part: Eg hadde advokat og eg. Ja.. For å vera 100% på den sikra sida.

Intervjuar: Men følte du at du fekk nok rettleiing av jordskifteretten, til tross for at du hadde advokat?

Part: Åjajajaja! Og han ringt dei og han, og hadde ein ide om det, før det kom opp i jordskifteretten.

Intervjuar: Når det gjeld desse avgjerslane undervegs, var du noko gong bekymra over å få eit dårleg naboforhold?

Part: Nei.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Ingen andre har gjort det.

Intervjuar: Når det gjeld åtferda til motpart under saken, var den bra eller dårleg eller?

Part: Nei, den var greie nok den.

Intervjuar: Og før jordskiftesaken, korleis var konfliktnivået mellom dåke då?

Part: Det var ikkje noko konfliktnivå i det heile tatt. Neida, me har alltid gitt ei hjelpande hand til kvarandre og venner. Og det er me den dag i dag og det.

Intervjuar: Så konfliktnivået verken auka eller minska undervegs i saken?

Part: Det har aldri vore konflikt mellom oss, det har ikkje det da.

Intervjuar: Då har ikkje eg fleire spørsmål eg, visst ikkje du har noko meir du vil fortelja.

Part: Neida, eg har ikkje noko meir som eg kjeme på akkurat no.

Transkribering 11

(Opplesing av informasjonsskriv)...

Intervjuar: Kor bevisst er du på saken?

Part: Nei, nei, ingenting. Når jordskifteretten hadde slått ned dei boltane, så var eg ferdig med det. Det einaste eg tenker på, er kor fint det er no når den nye driftsbygningen er kommen der.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten?

Part: Eg ville kjøpa eit lite areal av naboen min, men han ville ikkje det. Og så føreslo han at me kunne makebytta, og så fant me eit lite hjørna på eigedomen min så kunne bli hans. Så då fekk eg 175 kvm av han, og så fekk han 175 kvm hos meg. Så det var ein ryddig måte å ta det til jordskifteretten, og ikkje minst billigare enn å ta det hos kommunen. Kommunen tok 12 000 kr for makebyttet, medan jordskifteretten tok 9 000 kr. Og det synst både eg og naboen min at var ei god løysing.

Intervjuar: Var du aktiv eller deltakande i saken?

Part: Me var begge to på førebuande rettsmøtet.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i din eigedomsrett?

Part: Nei, eg synst ikkje det. Eg ville veldig gjerne ha dei 175 kvm av naboen, så då var makebyttet vegen å gå.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskifte?

Part: Heilt normale dei. Det følte ikkje ut som me var i noko rettssak, sidan det meste gjorde dommaren på kontoret sitt.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Nei, for me hadde bestemt det på førehand, kva me skulle bytta. Og så var det jordskifteretten som gjennomførte det for oss.

Intervjuar: Har saka forandra deg på noko vis?

Part: Nei, ikkje noko annan enn at eg har fått ein større gårdsplass og eit lagerbygg som eg ønska.

Intervjuar: Kan du estimera på ein skala frå 1-10 den positive eller negative effekten saka har hatt på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ.

Part: Ehh... Veldig positiv sak, så 1 då.

Intervjuar: Kor lenge har du budd eller brukt arealet som gjekk i skiftet?

Part: Sidan (anonymt årstal). 30 år då.

Intervjuar: Har du arbeidd fulltid eller deltid på arealet som gjekk i skiftet?

Part: Arealet som vart bytta har eigentleg ikkje blitt brukt noko særleg.

Intervjuar: Kva areal vart bytta vekk? Tun, utmark eller innmark?

Part: Det var vanleg skogsmark, men kan sei at det var nyhogst på begge eigedomane. Så det var nyskog som var på veg opp på begge eigedomane. Så det var for så vidt ganske likeverdig, sidan begge hadde høg 10 år tidlegare. Så, så det var ungskog som var på veg opp på begge eigedomane. Så det var ganske likt det som vart bytta.

Intervjuar: Tenkjer du mykje på arealet du mista?

Part: Nei, eg tenkjer meir på kor nøgd er eg med dei 175 kvm eg fekk.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Upraktisk. Eg trengte eit større tun.

Intervjuar: Korleis synst du at eigedomen din kom ut av saken?

Part: Mykje betre. Det arealet som eg fekk var fell, men no har eg sprengt vekk det og fått opp ein driftsbygning der.

Intervjuar: Kor lang tid tok det frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad?

Part: Ehh... Hugse ikkje heilt. Men eg har ikkje fått ferdig den nye driftsbygninga før no nettopp.

Intervjuar: Kor lang tid tok det å venne seg til tanken på å bytte areal?

Part: Ikkje lang tid, for eg hadde veldig lyst på dei 175 kvm.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått noko nytte av saken?

Part: Nei, kun oss sjølv.

Intervjuar: Kva var motivasjonen din til å gjennomføra saken?

Part: Motivasjonen for å gjennomføra makebyttet var at han ikkje hadde lyst å selga dei 175 kvm til meg, men heller makebytta. Og så valte me jordskifteretten framfor kommunen, sidan jordskifteretten gjorde jobben billigast. Så det var vell det som var den største motivasjonen.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen eller mista du på noko tidspunkt motivasjonen?

Part: Me var motivert heile vegen.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til motpart, nabo eller?

Part: Nabo, ja.

Intervjuar: Korleis var forholdet mellom dåke før saken vart fremja for jordskifteretten?

Part: Bra, ingen konflikt. Me blei einige om korleis me skulle gjera det.

Intervjuar: Korleis samarbeide du med motpart før jordskifte?

Part: Me samarbeide om korleis me skulle løysa det.

Intervjuar: Har det vore noko samarbeid i ettertid av saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Korleis var forholdet mellom dåke etter jordskifte?

Part: Fint, nett som før.

Intervjuar: I kva grad følte du at du vart forstått av dommaren?

Part: Me fortalte kva me ønska, og jordskifteretten gjorde det. Så me følte oss forstått.

Intervjuar: Korleis påverka saksbehandlinga dåke?

Part: Den påverka oss ikkje.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av jordskifteretten til å i vare ta dine interesser?

Part: Me hadde ikkje behov for rettleiing, for me visste kva me ville.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Ingen grad.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Ingen press frå nokon.

Intervjuar: Korleis var åtferda til motpart?

Part: Nett som vanleg.

Intervjuar: I kor stor grad brukte dåke advokat?

Part: Me brukte ikkje advokat, å neida.

Intervjuar: Før jordskiftesaka, var det høgt konfliktnivå då?

Part: Nei, ingen konflikt. Det var berre at han ikkje ville selja dei 175 kvm til meg, men han kunne vera med å bytta 175 kvm med meg.

Intervjuar: Undervegs i jordskiftesaka, vart det noko endring i konfliktnivå?

Part: Nei.

Intervjuar: Korleis er konfliktnivået i dag då?

Part: Heilt fint det, ingen konflikt.

Intervjuar. Til slutt, er det noko meir du vil tilføye?

Part: Nei, trur ikkje det.

Transkribering 12

(Opplesing av informasjonsskriv)..

Intervjuar: Det fyrste spørsmålet er kor bevisst du er på dette makebyttet i dag?

Part: Ehh.. Eg tenkte at det er ein opplevelse eg har med meg, men det er ikkje noko eg tenker på dagleg, det er det ikkje. Men resultatet var viktig for meg i ei viss grad, i vertfall det som mest gjaldt mitt. Så eg er glad for at det blei som det blei.

Intervjuar: Kva tankar hadde du at denne saken skulle til jordskifteretten? Var det litt skummelt eller brydde du deg ikkje så voldsamt?

Part: Ehh.. Eg tenke at eg synst at i utgangspunktet det var litt stress og litt mas og ork, for det at eg hadde så lite peiling på kva ei jordskiftesak innebar.

Intervjuar: Men hadde du eit ønske om at saken skulle til jordskifteretten alikavell, eller?

Part: Ikkje direkte eit ønske, men hos oss var det i forbindelse med utbygging av eit kraftverk. Og det var uklarheitar av rettar og då vart det nødvendig.

Intervjuar: Vil du sei at du var aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Ja, eg var ein aktive part – det var eg.

Intervjuar: Følte du at denne jordskiftesaken var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei, det vil eg ikkje sei at eg tenkte. Det var ein nødvendighet og ehh, ja. Så trur eg svara nei på det.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskiftet?

Part: Det er litt komplisert, og ikkje lett å svara. Det fekk ein del negative konsekvensar i form av.. Det er ikkje alltid atte alle er så gode venner i ein slik prosess. Og resultatet vert kanskje litt tungt å svelga for nokre, så eg gjekk i frå å ha eit litt greitt og likegyldig til å synst at det var ein stor belastning og at det eigentleg vart litt trist, kanskje.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Ja.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over å få nye naboar?

Part: Nei, det var ikkje aktuelt.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Det forandra nokre vennskapsforhold, som på ein måte gjorde noko med meg. Så ja, det har forandra meg på eit vis, ja.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10 den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: Eh.. Visst du snakke om i dag så er det ein verdi, men visst me går tilbake i tid så er det ein annan verdi.

Intervjuar: Ja, prøv å gå tilbake i tid visst det er mogleg.

Part: Visst eg skal tilbake, så eh.. Lat oss sei.. Eg tenke at det kom opp i ein 4-5 at det påverka meg i negativgrad då.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i byttet, kor lenge hadde du budd eller brukt det?

Part: Ehh.. Min del gjekk mest i utmark... Og så resulterte det i at eit stykke som eg eigentleg hadde men ikkje på papiret, vart mitt.

Intervjuar: Kva synst du om egedomen din før jordskifte?

Part: Kva eg synst om den før?

Intervjuar: Ja, om du synst den kom betre, verre eller uforandra ut av dette jordskiftet? Har du nokre tankar om det?

Part: Det kom jo styrka ut, ettersom eg fekk avklart eit eigeomsforhold som var uavklart.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad?

Part: Akkurat heilt konkret i forhold til det som vart mitt, da var det retten som ordna. Men at det gjekk pluss minus 1 år til det formelle var i orden. Men eg er litt usikker.

Intervjuar: Vil du sei at lokalsamfunnet har fått nytta av denne saken, i form at det for eksempel har komme nye veg eller industriområde eller?

Part: Det var ein føresetnad for at det skulle byggast kraftverk då, så det har skapa stor aktivitet etter at det vart avklart. Men kor vidt me får eit stort utbytte, er eg ikkje så sikker på. Men jo, det har jo skapa ein del aktivitet.

Intervjuar: Når det gjelder motivasjon, kva var din motivasjon til å gjennomføra denne saken?

Part: Ehh.. Altså motivasjonen vart å få oppklart noko som var uklart.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen eller mista du litt motivasjon gjennom jordskiftet?

Part: Det var eit skikkeleg ork til tider. Og masse papir og masse negativt rundt det. Ja, nei, så det var litt av ein motivasjon, haha. Meir ei nødvendighet.

Intervjuar: Kva relasjon har du til dei andre partane, er det naboar eller er det noko slektskap?

Part: Venner, familie, naboar og sambygdingar.

Intervjuar: Kan du sei noko om forholdet dåkas før jordskiftesaken? Var det eit godt forhold eller var dåke ueinige i noko?

Part: Var ikkje i utgangspunktet noko negativt der, nei. Men som sagt, så var det nokre vennsksforhold som endra seg i løpet av saken.

Intervjuar: Hadde du noko samarbeid med motpartane før jordskiftet?

Part: Ehh.. Ja. Fordi det var venner, familie og sambygdingar så hadde eg jo omgang med dei.

Intervjuar: Har dåke hatt noko samarbeid i ettertid av saken?

Part: Med nokre, men ikkje alle.

Intervjuar: Kan du sei noko om forholdet dåkas i dag?

Part: Med enkelte gjekk det frå å vera omgangsvener til å ikkje ha omgang i det heile tatt. Mens andre forandra ikkje det forholdet seg i det heile tatt.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren?

Part: I stor grad.

Intervjuar: Korleis påverka saksbehandlinga deg? Gav den deg tryggleik eller noko form for usikkerheit?

Part: Saksbehandlinga.. Tenker du på det formelle som ligge til sjølve jordskifteretten?

Intervjuar: Ja, stemmer.

Part: Nei, altså det har eg aldri hatt noko negativt å sei om. Det følte eg var 100 % profesjonelt.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å i vare ta dine interesser?

Part: Ja, det synst eg.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold eller vennskap påverka avgjerdene dine?

Part: Ehh.. Da påverka ikkje det eg faktisk gjorde i saken, for eg var så overbevist om at eg hadde rett. Så ikkje sjølve mi handtering av saken, vil eg sei at det påverka.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Altså dette var ei nødvendighet for å få klargjort rettar og eigedomsforhold i forbindelse med kraftutbygging, sånn at fleirtalet i sameiga bestemte. Så der må eg vell kanskje sei i stor grad, at eg blei påverka til å bli ein del av det.

Intervjuar: Korleis vil du sei at oppførselen til motpartane var?

Part: Ja, det var i anstendige former alt i saman.

Intervjuar: Brukte du advokat?

Part: Det var ein felles advokat.

Intervjuar: Og no er det litt om konfliktnivå, når det gjelder før jordskiftesaken, var det noko konfliktnivå då?

Part: Nei.

Intervjuar: Auka det eller minska det undervegs i saken?

Part: Med enkelte auka det.

Intervjuar: Og konfliktnivået i dag, føle du at det har gått ned eller opp?

Part: Neii, det er vell mykje uforandra. Men noko har nok gått litt ned med tida. For det har jo gått ein del år no, men eg vil sei at mykje er uforandra.

Intervjuar: Og til slutt – er det noko du har lyst å føya til?

Part: Haha, eg kunne sikkert ha snakka mykje.. Men visst du er nøgd, så er eg nøgd.

Transkribering 13

(Opplesing av informasjonsskriv) ..

Intervjuar: Det fyrste spørsmålet er kor bevisst er du på det makebyttet?

Part: Om eg tenke over det i dag?

Intervjuar: Ja.

Part: Ja, altså makeskiftet det var voldsomt greit for mitt vedkommande, kan ein sei. Og det var naboen som eg skifta med, som kom med forslaget. Så då går eg ut frå at han er nøgd og.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at dåke bringte denne saken til jordskifteretten? Var det litt skummelt eller var det heilt ok?

Part: Det var no greitt. Me var einige om at me skulle skifta nøyaktig på kvadratmeteren, nokre skråingar og slik som ikkje hadde verdi, det holdt me utanom. Og så fyrst tenkte me slik at me berre kunne få ein mann i frå kommunen til å måla det opp, men så fant han på seinare at han ville ha jordskifteretten til å gjera det, for å få det tinglyst. Og det var greitt, ja.

Intervjuar: Vil du sei at du var ein aktive person i denne saken?

Part: Ja, eg var aktive person. Men det var jo noko eg hadde tenkt på, men han naboen kom meg i forkjøpet med å føreslå det.

Intervjuar: Følte du at dette makebyttet var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskiftet?

Part: Nei, dei var heilt ok.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av din eigedom som kom til å bli motpart sin?

Part: Nei, det var heilt avklart.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, f.eks. gitt deg betre trivsel eller meir arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Ehh.. Det har ikkje forandra noko ting på negativ måte. Det har berre forbilt meg.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i makeskiftet?

Part: Ååå, det var nydyrka frå mi si side, så eg hadde nok brukt det i ein 15 år, trur eg.

Intervjuar: Hadde det arealet vore i familien din tidlegare?

Part: Ja, det var eit areal som låg i samsutmark og så var det eit jordskifte i slutten på 50-talet. Så det var ein utmarksteig, som eg har arva.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, kor viktig det arealet som gjekk i skiftet var for deg følelsmessig? 10 er viktigast.

Part: Ja, nei.. Eg er nøgd med arealet eg fekk, så 10 då.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Det var litt tungvindt, for han andre hadde ein teig mellom to av mine teigar. Og så dreiv han med sau, så når han skulle ha sauene på marka så måtte han over meg.

Intervjuar: Korleis synst du at eigedomen din kom ut av saken?

Part: Det arealet som eg fekk, låg nær ein eigedom som eg hadde opprinneleg, kan du sei. Bruk (anonymt) og bruk (anonymt), og det arealet som eg fekk låg midt i mellom dei to teigane, kan du sei. Så det kunne ikkje bli betre for mitt vedkommande. Men eg måtte planera og kosta litt for å få sletta det til, slik at det vart ei sletta. For det var ein liten skråning og noko, så då måtte eg ha maskinar for å sletta til. Så eg hadde litt utgifter, men det var når minimalt det eigentleg. Så alt i alt var det eit bra makeskifte.

Intervjuar: Så du synst altså at eigedomen din kom betre ut av saken enn kva den var på førehand?

Part: Ja, det gjorde eg.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til at dåke såg endringa ute i marka?

Part: Me hadde eigentleg gjort endringane før jordskifte gjorde jobben. For me hadde kommunen med til å måla opp, og så satt me opp gjerde og begynte å driva det slik. Åsso kom jordstyret etterpå. Men venta med la maskinane planera til dei hadde fått målt opp. Så eg planerte ikkje før etter jordstyret hadde vore her, men eg tok det i bruk. Det gjorde eg.

Intervju: Kva relasjon hadde du til motpart? Var han nabo eller noko søsken eller?

Part: Nei, det er ikkje slekt eller noko.

Intervjuar: Så han er ein nabo då?

Part: Ja.

Intervjuar: Korleis var forholdet mellom dåke før saken vart fremja for jordskifteretten? Var det eit godt forhold?

Part: Den var god.. Det var ikkje noko problem. Det var ein god tone for å sei det slik. Og det var hans forslag, og eg var veldig godt nøgd med det, kan du sei. Dei seie at eg hadde størst fordel, men det var han så ville det.

Intervjuar: Hadde dåke noko form for samarbeid før dette jordskiftet?

Part: Nei, det hadde me ikkje.

Intervjuar: Har dåke hatt det i ettertid?

Part: I ettertid var forholdet godt, kan ein sei. Det var... Han kjøpte eit gammalt hus som han skulle fiksa, og etter det har forholdet kjølna litt. Men det har ikkje noko med den saken du snakke om, å gjer.

Intervjuar: Når det gjelder denne jordskiftesaken, i kva grad følte du at du vart forstått av dommaren?

Part: Ja, dommaren hadde eg ikkje noko å innvenda på. Det låg så godt til rette, for me var einige om korleis det skulle gjerast. Så han berre meldte opp, og skreiv opp avtalen slik me var einige om. Så jordskiftedommaren forandra ikkje på noko eller blanda seg ikkje inn i noko. Det einaste med han, er at han gjorde ein liten justering på oppmålinga. Men det hadde ikkje noko med ei ueinigheit å gjera, for å sei det slik. Han målte og fekk arealet mitt litt større, men det var berre eit par kvadrat, så det hadde ikkje noko å sei.

Intervjuar: No til slutt er det litt spørsmål om konfliktnivå, så når det gjelder før saken. Forstod eg deg rett visst eg tolka det som at det ikkje var eit konfliktnivå då?

Part: Nei, ikkje noko konflikt verken før eller etterpå i den saken der. For det låg så greitt til rette som det kunne gjer. Det var berre fordel for meg vertfall. Eg hadde litt utgifter med å stella til, men det var eg jo førebudd på, så det var greitt. Det passa betre med eigedomane eg hadde før. Så.. Ditta var berre fordel med.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko du til føya til?

Part: Nei, eg trur dette var mykje godt.

Transkribering 14

(Opplesing av informasjonsskriv)..

Intervjuar: Det første spørsmålet er kor bevisste er du på dette makeskiftet? Altså om det er noko du tenker over no til dags?

Part: Ehh.. Nei, det tenke eg i grunn ikkje noko på.

Intervjuar: Kva tankar hadde du at denne saken skulle til jordskifteretten då?

Part: Ehh.. Det er vell slik som må til for å få orden på kart og utskifting, kan du sei.

Intervjuar: Hadde du eit ønske om at den skulle til jordskifteretten?

Part: Ja, i grunn. For å ordna opp i eit skifte mellom ei tidlegare utskifte tomt, og då retta litt på grensene, ikkje sant.

Intervjuar: Vil du sei at du var aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Ja, eg vil sei det, ja.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaken var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskiftet?

Part: Dei var heilt greie.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Nei.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over å få nokre nye naboar?

Part: Nei.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller noko?

Part: Nei, det var ikkje det store inngrepa, kan du sei.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10 den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ.

Part: Haha, den hadde ingen innverknad på mitt psykologiska velvære.

Intervjuar: Så 1 då, eller?

Part: Ja.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Ehh.. Ja, det hadde vell vore brukt i 50-60 år vil eg tru

Intervjuar: Hadde arealet vore i din familie før deg?

Part: Ja.

Intervjuar: Vil du sei at du har arbeidd fulltid eller deltid på det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Det er ikkje arbeidd meir enn deltid, nei.

Intervjuar: Klare du å estimera kor mange timar i året, sånn ca.?

Part: Ja, det må vera halve året det i så fall.

Intervjuar: Igjen på ein skala frå 1-10, klare du å estimera kor viktig det arealet som gjekk i skiftet er for deg følelsmessig? 10 er viktigast.

Part: 1.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i byttet, var det tun, innmark eller utmark?

Part: Det var skog, faktisk.

Intervjuar: Tenke du mykje på det arealet som du mista?

Part: Nei.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskiftet?

Part: Haha, den synst den var bra før og bra etter.

Intervjuar: Så synst du at den kom betre ut av saken?

Part: Nei, det var status god det.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført, til endringa fant stad ute i marka?

Part: Altså det var jo.. Det tør eg beintfram ikkje å sei, du. Det kom opp, og så tok det ein del tid.. Så gjekk det nok eit par veker før det var stadfesta, vil eg tru.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok å venna seg til tanken på at du skulle bytta areal?

Part: Nei, det tenkte eg ikkje på i det heile tatt.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytte av denne saken, for eksempel i ein nye veg eller industriområde eller hytteområde eller noko slikt?

Part: Nei.

Intervjuar: Og litt om motivasjon, kva var din motivasjon til å gjennomføra saken?

Part: Det var for å retta opp ei grensa og avklara eit grenseforhold.

Intervjuar: Vil du sei at du var motivert gjennom heile saken, eller mista du på noko tidspunkt motivasjonen?

Part: Neida, det var heilt greitt det.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til motpart? Var han nabo eller søsken eller?

Part: Han er nabo. Ikkje slekt.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas før denne saken? Var det eit godt forhold eller var det ueinigheit?

Part: Nei, det var heilt problemfritt.

Intervjuar: Hadde dåke noko form for samarbeid før jordskiftet?

Part: Nei.

Intervjuar: I ettertid, har det vore noko samarbeid då?

Part: Nei, me har ikkje hatt samarbeid etterpå heller.

Intervjuar: Korleis vil du sei at forholdet dåkas er no i ettertid av jordskiftet?

Part: Det er heilt greitt.

Intervjuar: Er det betra eller uforandra?

Part: Uforandra.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren i denne saken?

Part: Nei, det eg trur eg ikkje vart påverka av nokon ting det.

Intervjuar: Korleis påverka saksbehandlinga deg? Gav den deg tryggleik eller usikkerheit eller?

Part: Det var heilt greitt det.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ehh.. Det var i grunn ikkje noko problem dette her, så eg følte ikkje at me trengde det. Det gjekk heilt greitt for å sei det sånn.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Ikkje påverka meg i det heile tatt.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei, ingenting.

Intervjuar: Korleis var oppførsel til motpart?

Part: Den var heilt grei.

Intervjuar: Brukte du advokat?

Part: Nei.

Intervjuar: Og litt om konfliktnivå, var det eit konfliktnivå før saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Auka eller minska konfliktnivået undervegs i saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Er det noko konfliktnivå i dag?

Part: Nei.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om saken?

Part: Ehh... Nei.

Transkribering 15

(Opplesing av informasjonsskriv) ...

Intervjuar: Kor bevisst er du på saken? Er det noko du tenker over i dag?

Part: Eg tenker ikkje.. Eg veit om det i underbevisstheita, men ikkje noko spesielt sånn..

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at dette makebyttet skulle til jordskifteretten? Var det emosjonelt eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Nei, altså.. Det var vell for å få ei betre.. Altså samla driftseininga av dyrka mark.

Intervjuar: Hadde du eit ønske om at det skulle til jordskifteretten?

Part: Ja, altså det blei jo i fyrste omgang sendte oss inn ei klage... At oss burde få kjøpe delar av det som var til sals, av den dyrka marka. Men så blei det frå styresmaktene sagt slik at det må takast eit jordskifte for at kjøparen skulle få det godkjent.

Intervjuar: Var du aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Ehh.. Eg var vell for så vidt deltakande i denne saken, for eg skreiv når vertfall eit klagebrev då.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaken var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Ehh.. Nei, eg såg vell ikkje sånt på det då, og det gjer eg for så vidt ikkje no heller då, men.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i dette jordskiftet? Hadde du god-følelsen?

Part: Haha, nja.. Det var litt vanskeleg å sei då. Men eg håpe når at det kunne gå den vegen så eg meinte var rett då.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Ehh, nei.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over å få nokre nye naboar?

Part: Nei.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Nei, det er vell.. Det har gitt meg ein lettare kvardag i forbindelse med å drive dei areala som gir betre og større samanhengane areal, tett i nærleik av der eg har drifta mi då.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ.

Part: Nei, altså visst 1 er heilt positiv.. då seie eg 3 då.

Intervjuar: Kor lenge har du budd eller brukt det arealet som gjekk i makeskiftet?

Part: Ehh.. ja. Ganske lenge. 10-15 år, sånn ca.

Intervjuar: Har arealet vore i din familie før deg?

Part: Ehh.. Nei, ikkje direkte nei.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i makebytte, arbeidde du fulltid eller deltid på det?

Part: Eg jobba fulltid på det, ja.

Intervjuar: På ein skala frå 1-10 igjen, kor viktig er det omtalte arealet følelsesmessig for deg? Då er 10 viktigast.

Part: Nei, det var jo ikkje noko spesielt følelsesmessig, nei. Det var det ikkje.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i skiftet, sa du at det var utmark eller var det dyrka mark?

Part: Det som eg bytta frå meg?

Intervjuar: Ja.

Part: Det var litt.. 20% dyrka mark og 80% utmark.

Intervjuar: Tenke du mykje på at du mista det arealet?

Part: Nei, det har eg når innfunnet meg med for så vidt.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskiftet? Er den blitt betre i dag, eller er den verre i dag?

Part: Det som eg makebytta til meg, var når dyrka mark i samanheng med dyrka areal som eg eigde. Så det var jo meir effektiv produksjon. Så eg hadde ikkje noko utnyttingsgrad av den utmarka og det som eg bytta frå meg.

Intervjuar: Hugse du om det tok lang tid frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad?

Part: I marka.. Nei, akkurat sånne praktiske.. Det var vell.. Ehh.. Det skjedde vell ganske fort då, men sjølve saken tok mange år før det liksom papirmessig var på plass då.

Intervjuar: Tok det lang tid å venna seg til tanken på at du skulle bytte areal?

Part: Nei.

Intervjuar: Vil du sei at lokalsamfunnet har fått nytte av denne saken?

Part: Nytte?

Intervjuar: Ja, om det for eksempel har komme nye veg eller industriområde eller?

Part: Nei, det har det ikkje.

Intervjuar: Litt om motivasjon din for å gjennomføra saken?

Part: Ja, det var noko leigejord som låg tett ved mi driftseining som eg hadde leigt over tid. Ehh.. Og eg ville når gjerne prøve.. Motpart hadde ikkje noko.. Han dreiv med heilt anna produksjon. Han

hadde kanskje betre bruk for utmark og sånt, og så den delen med dyrka mark som han tok over frå meg, låg jo i tilknytning til han sin eigedom. Så sånn sett så var det ganske fornuftig då.

Intervjuar: Ja, var du motivert gjennom heile jordskiftet eller mista du på noko tidspunkt motivasjon?

Part: Nei.. miste motivasjonen gjorde eg vell ikkje. Men det tok jo litt tid då, men det er jo greitt det.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til dei andre partane? Er det naboar eller noko søsken?

Part: Nei, det er naboar.

Intervjuar: Korleis vil du sei at forholdet mellom dåke var før saken for inn for jordskifteretten?

Part: Ehh.. Altså det var eit godt forhold for så vidt. Det var vell.. ja.

Intervjuar: Korleis samarbeidde du med motpart, eller hadde dåke noko form for samarbeid før saken?

Part: Ehh.. ja. Altså det.. Me såg vell på kva som kunne vere fornuftig. Og kva deira behov var og kva mine behov var, og prøvde å finne ei fornuftig løysing som me tok med vidare til jordskiftedommaren då.

Intervjuar: Har du hatt noko samarbeid med desse andre partane etter jordskifte?

Part: Ehh, nei ikkje noko spesielt. Altså det er jo naboar som du snakka med og helse på.

Intervjuar: Og korleis er forholdet dåkas no etter jordskiftet då?

Part: Jau, det er greitt.

Intervjuar: Er det noko endring i det, altså at det er betre, verre eller uforandra?

Part: Nei, det er status god, for å sei det sånn.

Intervjuar: I kva grad følte du at du blei forstått av dommaren?

Part: Jau, det synst eg.. Det var ikkje noko.. Han oppførte seg slik som ein dommar skal oppføra seg. Og eg har ikkje noko.. Så det er ikkje noko å utsette på.

Intervjuar: Korleis påverka saksbehandlinga deg? Gav den deg tryggleik eller usikkerheit?

Part: Ehh.. Den gav meg for så vidt tryggleik, ja.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ehh.. Ja, kva skal eg sei. Ehh... Det blir når litt sånn at du.. Ting som eg ikkje veit om er vanskeleg å sei noko om. Men dei interessene eg hugse, blei ivaretatt så langt som råd – følte eg. Utan at eg veit 100% om mine interesser sånn formelt er.. Det kan vere ting eg ikkje veit eller har fått med meg, men det må når berre vera.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Nei, det er.. Nei, det har dei ikkje gjort. Eg følte at dette var ein kamp som eg måtte ta.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei, det føle eg ikkje.

Intervjuar: Korleis var oppførsel til motpart?

Part: Ja, det var vell litt temperatur til å begynne med, men det roa seg når.

Intervjuar: Har du brukt advokat?

Part: Ehh, nei.

Intervjuar: No er det litt om konfliktnivå.. Før jordskiftesaken, var det noko konfliktnivå mellom dåke?

Part: Nei, det var vell... Det kan hende at motpart var litt irretert i at eg la meg oppi den saken der, sånn sett. Men det tåle eg når.

Intervjuar: Undervegs i jordskiftesaken, følte du at konfliktnivået auka eller minska?

Part: Ehh, njaaa. Etter dei fekk.. Dei måtte jo inngå eit jordskifte visst dei skulle få ta over den eigedomen ifrå staten si side då. Så blei dei pålagt å gjennomføre eit jordskifte. Så då var når dei liksom, då hadde dei ikkje noko val då.

Intervjuar: Kva med i dag, er det noko konfliktnivå?

Part: Nei, i dag føle eg ikkje at det er noko konfliktnivå i det heile tatt.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om denne saken?

Part: Nei, nei. Eg synst.. Eller bortsett frå at det gjekk litt lang tid, så er det ikkje noko meir å utsette på det.

Transkribering 16

(Opplesing av informasjonsskriv) ...

Intervjuar: Det fyrsta spørsmålet er kor framtreddande den saken er i ditt liv i dag?

Part: Den er ikkje framtreddande, men eg får stadig vekk påminningar av han som var i jordskifteretten mot. Og for min del så har når spesielt ho vore eit krevjande menneske å forholde seg til. Så hu kjeftar når eg er nede med sjøen enda, av og til. Men eg bryr meg ikkje lengre no.

Intervjuar: Men kva tankar hadde du om at den saken skulle til jordskifteretten då?

Part: Nei, det var den einaste måten det kunne ordnast på, trur eg.

Intervjuar: Så du hadde eit ønske om at jordskifteretten skulle gjera jobben for deg då?

Part: Ja, eller for oss.

Intervjuar: Var du aktiv eller deltakande i denne saken, vil du sei?

Part: Ja.

Intervjuar: Følte du at den saken var eit inngrep i din eigedomsrett?

Part: Ehh.. Ja, altså resultatet var til å leva med då. Men på førehand var det vanskeleg. Han sa at han eigde inne i sjøbua mi, men det fekk me ordna opp i.

Intervjuar: Korleis vil du sei at følelsane dine var undervegs i jordskiftet?

Part: Dei var svært sterke. Eg synst det var ytterst vanskeleg, fordi at han som førte saken, naboen nede med sjøen, det var og ein slektning. Så våre felles oldeforeldre eigde både det eg eige og det han eigde.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til bli motpart sin?

Part: Nei, eg følte meg eigentleg ganske trygg.

Intervjuar: Vil du sei at saken har forandra deg på noko vis i ettertid? F.eks. gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller?

Part: Det var jo godt, men dette.. Me hadde.. Det var jo ein nabofeid som gjekk over to generasjonar. Og det vart eigentleg enda verre i min generasjon. Eg trur eg må sei det slik.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten denne saka hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: Du tenkje på når det stod på?

Intervjuar: Ja.

Part: 10 er mest negativt?

Intervjuar: Ja.

Part: Nei, på det verste vil eg sei 8-9 altså.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Ehh.. 18 år.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i skiftet, er det mogleg å sei om du jobba fulltid eller deltid på det?

Part: Det arealet er ein bi-teig til småbruket mitt, så eg hadde ikkje yrket mitt der.

Intervjuar: Så det er meir fritidsarbeid på ein måte?

Part: Ja, det vart det frå gamalt av. Før var det stor aktivitet der nede, men no bruka eg det som båtoppdrag. Så du kan sei at det er eit lite bi-arbeid, og det var det då og.

Intervjuar: Klare du å estimera igjen, på ein skala frå 1-10, kor viktig det arealet er for deg følelsemessig? Då er 10 viktigast.

Part: Hehe, det er det same, ein 8-9. For det atte... Det som det stod strid om.. Det som motparten forlangte var knallhardt, for han meinte at han eigde inni sjøbua mi. Og det var ikkje noko greitt, så det var vanskeleg. Men eg vil likevel sei at det som var aller vanskelegast var all kjeftinga og smellinga frå han og spesielt kona hans. Når eg var med sjøen så var det alltid eit eller anna gale, eller så eg eller brødrene mine hadde gjort, eller slektningane mine. Det var det som eigentleg var det verste.

Intervjuar: Tenkje du mykje over det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Nei, eg er ferdig med det.

Intervjuar: Kva synst du om egedomen din før jordskifte, klarer du å beskrive den då?

Part: Ehh... Før jordskifte, eg veit ikkje heilt kva eg skal svara.

Intervjuar: Synst du den har komme betre ut av saken eller er den uforandra eller verre?

Part: Eg synst at eg kom betre ut av det, men fyrst og fremst var det for å få saken setla og verta ferdig med det.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til dåke kunne sjå endringa?

Part: Nei, det var ganske med det same.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok å venna seg til tanken på at dette skulle skje, at dåke skulle bytta areal?

Part: Ja, det var.. Nei, det hugse eg ikkje.

Intervjuar: Og så er det litt om motivasjon, kva var din motivasjon i denne saken?

Part: Å få orden og få klarheit i kva han eigde og kva eg eigde. Og slå fast kva eg faktisk eigde. Motivasjonen var og at eg har etterkommarar, og ville gjerne ha orden i det til tida etter.

Intervjuar: Var du motivert heile tida, eller mista du på noko tidspunkt motivasjonen?

Part: Nei, men det var krevjande.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til dei andre? Er det naboar eller var det noko familie?

Part: For meg var det fjern familie og naboar, begge deler.

Intervjuar: Og så er det litt om korleis forholdet dåkas var før denne saken? Var mest kjefting og smelling som du snakka om i stad?

Part: Ja.

Intervjuar: Så du har ikkje hatt noko samarbeid med desse før jordskiftet?

Part: Jau, eg snakka med dei og prøvde å snakka med dei og finna løysingar. Men no snakkar eg sjølvsgt frå mi side, men.. ja.

Intervjuar: Men i ettertid av denne saken, har dåke hatt noko samarbeid då?

Part: Nei, men eg vil ikkje sei at me har noko samarbeid. Men me har vell eigentleg ikkje hatt noko å samarbeide om. Men det hende at kona kjem å kjefta på meg for tid til anna, men det bryr eg meg ikkje om lengre.

Intervjuar: Ja, for det var mitt neste spørsmål. Korleis er forholdet dåkas no etter jordskiftet?

Part: Det er forretningsmessig, men me snakkar saman.

Intervjuar: Så er det litt betring då, vil du sei eller?

Part: Ja, betydeleg betring. For det var uleveleg i periodar.

Intervjuar: I kva grad følte du at du vart forstått av dommaren i denne saken?

Part: I noko grad.

Intervjuar: Korleis synst du at saksbehandlinga påverka deg? Gav den deg tryggleik eller usikkerheit?

Part: Den var grei.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ja, men eg hadde ein advokat som eg konfererte med. Men som ikkje var med i sjølva jordskiftet – det tok eg sjølv.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine i denne saken?

Part: Nei, det var viktig å prøva å roa det littegranne ned i frå mi sida.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei, det var fullt og heilt mi greia.

Intervjuar: Korleis var oppførsel til motpart? Du har jo allereie sagt litt om det, men vil du sei noko meir?

Part: Ehh, i sjølve saken då?

Intervjuar: Ja, i sjølve saken.

Part: Ja, under rettssaken.. Når den føregjekk så var den grei nok.

Intervjuar: Og så er det litt om konfliktnivå. Før jordskiftesaken, korleis var konfliktnivået mellom dåke då?

Part: Det var meget høgt.

Intervjuar: Vil du sei at det auka eller minska undervegs i saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Og etter saken, korleis var konfliktnivået då?

Part: Nei, då følte eg at det gjekk ned. Men at.. Me vart jo aldri venner. Men me vart naboar som klarte å forholde seg på ein forretningsmessig måte.

Intervjuar: Vil du sei at det har gått ned ifrå rett etter saken til i dag?

Part: Ja, ja, absolutt.

Intervjuar: Og til slutt så har eg eit siste spørsmål, og det er noko meir du har lyst å føya til?

Part: Haha, nei. Men det måtte vore noko generelt. Desse grensene som vart lagt for 50-60 år sidan, det vart gjort på ein slik måte og med dei verktøya som dei hadde i den tida. Det var verkeleg vanskeleg når nye generasjonar kjem til. For eksempel mellom to brør, så forstod dei korleis det skulle vere. Men jo fleire generasjonar, jo vanskelegare vert det. Og enda fleire personar kjem inn i bilde – både ektemake, ungar, søsken, tantar og onklar. Det er vell det eg har å sei.

Transkribering 17

(Opplesing av informasjonsskriv) ..

Intervjuar: Kor framtreddande er saken i ditt liv i dag?

Part: Det var ein positiv avtale for begge to.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten?

Part: Nei, eg er vant med å stå fram eg i alle samanhengar, så det var jo ein.. Det var greie møte og eit resultat som begge partar var svært nøgd med.

Intervjuar: Hadde du eit ønske om å fremja saken til jordskifteretten?

Part: Me vart vell einige om det... Lura på om ikkje eg fekk eit tips frå (anonymperson) om vegen å gå fram, for me hadde tenkt å få fram eit makebytte utanom systemet. Altså eit privat oppgjær, men så var det (anonymperson) som tipsa oss om at det var greitt å bruka jordskifteretten. Og så slapp me og den politiske prosessen, og det er alltid greitt å sleppa den.

Intervjuar: Var du aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Ja, eg vil absolutt sei det. Klart det var eg som tok initiativet og.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Og ikkje i det heile tatt, sidan det var mitt initiativ.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskiftet?

Part: Haha, som sagt så er eg vande med å stå fram. Så fint det.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Og ikkje i det heile tatt. Me hadde førebudd saken godt.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, f.eks. gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Haha, godt spørsmål. Eg har hatt den garden i 20 år, og har hatt eit samanhengande mareritt med denne garden der. Eg har hatt eit samanhengande mareritt pga. byråkratisk overgrep og problem med fylkesmannen og ditt og datt. Så når den saken var avslutta, så har eg ikkje tenkt noko meir på den.

Intervjuar: Kan du estimera på ein skala frå 1-10 den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: Haha. Utfallet får toppscore, men problemet begynte i etterkant. Men det hadde ikkje noko med denne dommen at eg fekk problem etterpå.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt arealet som gjekk i skiftet?

Part: Det arealet som gjekk i makeskiftet var eit areal som eg ikkje brukte. Det var sjøareal. Så han fekk mi nausttomt, og eg fekk hans molo som låg inne i reguleringsplanen. Så for meg var det glimrande. Eg skal fråskilje området no, og bygge hytter der. Så eg kjeme til å tjena, ja sei ein plass mellom 2-3 millionar på dette makeskiftet.

Intervjuar: Og hadde arealet vore i din familie før du overtok?

Part: Ja, oldefar min kjøpte garden.

Intervjuar: Arbeide du fulltid eller deltid på arealet?

Part: Eg har ein jobb utanom, så det var fritidsarbeid.

Intervjuar: På ein skala frå 1-10 igjen, kan du estimera kor viktig arealet som gjekk i skiftet var for deg følelsemessig? Og 10 er viktigast.

Part: Haha, eg hadde ingen følelsar. Eg tenkte rasjonelt, men ehh.... Altså når det gjelder pengar og eigedom, så har ikkje eg følelsar. Det er ein rasjonell handling. Så resultatet må jo bli toppscore der og, sjølv sagt. Eg hadde den gongen planar om å bygga naust på det området der, og vidareutvikla og tena gode pengar.

Intervjuar: Kva areal vart bytta vekk? Tun, innmark eller utmark?

Part: Sjøareal.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Det var jo.. Eller synst og synst... Det var jo stor stas og overta ein eigedom som har vore i slekta i 104 år. Men frå (anonymt årstal) vart det eit samanhengande mareritt, så då forsvant stasen og positive tankar, men eg har heile vegen klart å tenka rasjonelt. Så alt på garden vart lagt på is, heilt fram til nokre år sidan. Det var pga. (anonymsituasjon) og trøbbel med byråkratiet i kommunen og hos fylkesmannen.

Intervjuar: Så synst du eigedomen din kom betre ut av jordskiftet då, eller?

Part: Ja, økonomisk ja.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad i marka?

Part: Ja, alt for lenge. Ehh.. Pga. byråkratiet.. Eg trur det var trøbbel med eit eller anna... Du veit det er lenge sidan dette her då. Men då var det ein som heite (anonym person) han var jordskiftedommar, men til og med han klaga på at prosessen gjekk for seint. Så lure på om ikkje avgjersla kom før etter 3-4 månadar, og det er alt for seint i forhold til regelverket.

Intervjuar: Og kor lang tid tok det å venna seg til tanken på at dåke skulle bytta areal?

Part: Det hugse eg ikkje, men lure på om det tok eit halvt år. Eg fekk tipset frå (anonym person) på våren året før, og så tok eg kontakt med naboen. Så det tok vertfall 1 år.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytte av saken?

Part: Njaa... Eg utvikle det nye arealet til å bli utleige hytter og mykje anna på eigedomen min. Så både og. Visst fleire turistar kjeme, så er det jo bra for alle.

Intervjuar: Og litt om motivasjon, kva var din motivasjon til å gjennomføra saken?

Part: Ehh.. økonomi.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen eller mista du på noko tidspunkt motivasjonen igjennom saken?

Part: Haha, oii. Ikkje i det heile tatt. Eg hadde langsiktige mål, og hadde gjort ein god avtale med naboen i forkant, så eg hadde eigentleg ingen følelsar. Som sagt når det gjaldt følelsar for eigedom. Når det gjelder eigedom og økonomi så har eg ingen følelsar, då tenkje eg rasjonelt.

Intervjuar: Når det gjelder relasjon til motpart, fekk eg med meg rett, visst det var naboen?

Part: Ja.

Intervjuar: Korleis var forholdet mellom dåke partane før saken blei fremja for jordskifteretten?

Part: Det var, det var, det var svært bra. Etterpå har det vore full klinsj, men det skuldast ikkje denne saken.

Intervjuar: Så vil du sei at dåke samarbeidde noko før saken?

Part: Me samarbeidde før saken, men me har ikkje samarbeid etterpå. Men det skuldast ikkje denne saken, det skuldast andre forhold.

Intervjuar: Når du tenke på sjølve saken, så var forholdet lika bra før og etter?

Part: Ja, lika bra 3 år før og nokre månadar til 1 år etterpå. Men så begynte naboen å gjera mykje løgne ting. Han vart plutselig veldig sjalu på eigedomen min, og prøvde å gjera alt for at eg skulle bli lei av han og selja garden og flytta der i frå.

Intervjuar: I kva grad følte du at du vart forstått av dommaren?

Part: 100 %.

Intervjuar: Korleis påverka saksbehandlinga dåke? Gav den tryggleik eller noko usikkerheit?

Part: Nei, den var.. Det var ingen usikkerheit. (Namn på dommar), eg kjente han frå før då. Og han var svært klare. Han kunne regelverket, og opptredde som ein glimrande jurist og gjorde alt formelt rett. Og la fram klare fakta om både regelverk og alt som hørte til prosessen, så det gjekk 100% smertefritt.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Det hugse eg ikkje heilt.. Han leste vertfall opp regelverket for oss.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerslane dine i denne saken?

Part: Tenke du før eller etter prosessen?

Intervjuar: Undervegs i prosessen.

Part: Eg hadde ingen negative følelsar.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Ingen menneske presse meg til noko verdens ting. Enkelt og greit.

Intervjuar: Korleis var oppførsel til motpart i denne saken?

Part: 100% korrekt.

Intervjuar: Brukte du advokat?

Part: Nei.

Intervjuar: Og er det litt om konfliktnivå. Før saken, korleis var konfliktnivået då?

Part: Ingen.. Det var ingen konflikt.

Intervjuar: Så det verken auka eller minska då undervegs i saken?

Part: Ikkje i prosessen, nei. Men problema kom etterpå. Men det har som sagt ingenting med saken å gjera.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om denne saken?

Part: Haha, det er svært lurt å nytta jordskifteretten. Det er svært billig, det kosta oss ca. 5 000 kr, og visst du skulle brukt kommunane så hadde det nok kosta ein plass mellom 50 – 100 000 kr. Og då måtte kvar part hatt advokat, og så sleppe du politisk og byråkratisk innblanding. Eg mislike sterkt byråkratiet og byråkratiet sitt forhold til innblanding i landbrukseigedomar.

Transkribering 18

(Opplesing av informasjonsskriv)..

Intervjuar: Kor framtreddande er makebyttet i ditt liv i dag?

Part: Om eg er bevisst på, ja. Det hende at eg tenke over det, men ikkje noko voldsomt.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at dette makebyttet skulle opp i jordskifteretten? Var det litt skummelt eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Nei, det var eg som måtte forlange det.

Intervjuar: Ja, så du hadde eit ønske om at det skulle opp i jordskifteretten du då, eller?

Part: Nei, eg kjøpe ein gard og då vart eg tvungen til å forlange jordskifte.

Intervjuar: Vil du sei at du var aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Ja, eg var ein av deltakarane eller grunneigarane.

Intervjuar: Ja, så du deltok på det du måtte, for å sei det slik?

Part: Ja.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaken var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Ja, det var det jo.

Intervjuar: Kan du sei noko om følelsane dine undervegs i dette jordskiftet?

Part: Nei.. Eg hadde jo mykje jord med mykje grus og sånt. Så fekk eg mykje myr igjen då. Men det har jo gått greitt.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av din eigedom som kom til å bli dei andre sine?

Part: Eg veit ikkje kven som overtok mitt..

Intervjuar: Var du bekymra over å få nye naboar?

Part: Då nei.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, f.eks. gitt deg betre trivsel eller meir arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Nei, alt gjekk i orden.

Intervjuar: Har du fått nokre ulemper eller skader?

Part: Nei. Eller det er jo litt når det er mykje regn. Men elles har det gått greit.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10 den positive eller negative effekten denne saken har hatt på di psykologiske velvære? 10 er mest negativ.

Part: Nei, den påverka ikkje psyken min det, altså.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Altså så forpakta eg denne garden før eg kjøpte den, så skal du ha med det, og så har eg drive den i 14 år når saken starta.

Intervjuar: Hadde arealet vore i din familie før du overtok?

Part: Ja.

Intervjuar: Vil du sei at du arbeidde fulltid eller deltid på det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Ja, eg jobba fulltid på garden.

Intervjuar: På ein skala frå 1-10 igjen, kan du estimera kor viktig det arealet som gjekk i skiftet var for deg følelsesmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Nei, det var så mange tarmar og teigar. Så det er litt vanskeleg å plassera.

Intervjuar: Det arealet som gjekk i skiftet, var det tun eller innmark eller utmark? Er det mogleg å plassere det ein plass?

Part: Det var mest dyrka, men noko myr og noko som ikkje var dyrka. Men mest av dyrka jord, var det.

Intervjuar: Kva synst du om egedomen før det jordskiftet?

Part: Nei, då var det jo.. For å dei det slik, så var det jo fleire tarmar då. Og fleire stykker då, og no er det nokre store stykker.

Intervjuar: Så du vil sei at egedomen kom betre ut av saken enn kva den var før?

Part: Ja, det einaste var at eg fekk meir myrjord. Det var jo litt meir negativt igjen.

Intervjuar: Hugs du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til dåke kunne sjå endringa ute?

Part: Ehh, litt vanskeleg å sei.. men trur det var rundt 2 år.

Intervjuar: Hugse du om det tok lang tid å venna seg til tanken på at du skulle i jordskifteretten?

Part: Nei, det kunne eg jo ikkje nekte på.

Intervjuar: Nei, hadde ikkje noko val der, skal du sei.

Part: Haha, nei der hadde eg ikkje noko val.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytte av denne saken i form av ny veg eller industriområde eller hytteområde?

Part: Ja, for så vidt. Det kom ein veg som følgje av den utskiftinga.

Intervjuar: Så er det litt om motivasjon. Kva var din motivasjon til å gjennomføra saken?

Part: Nei, det var heilt okei sånn.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen eller mista du motivasjonen?

Part: Nei, det gjorde eg ikkje.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til dei andre partane, var det typisk naboar eller?

Part: Ja, det er jo naboar.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas før denne saken kom opp i jordskifteretten?

Part: Den var fin.

Intervjuar: Hadde dåke noko form for samarbeid før denne saken?

Part: Nei, eller leige av jord var det einaste.

Intervjuar: Har dåke hatt noko samarbeid etter saken?

Part: Ja, eg leige det fortsatt.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas etter saken, er det like bra eller noko endring?

Part: Ja, det er kjempe bra det.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren i denne saken?

Part: Han var ikkje her i frå då, men det gjekk når fint det.

Intervjuar: Synst du at saksbehandlinga gav deg tryggleik eller usikkerheit?

Part: Nei, det gjekk heilt fint sånn.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ja, til slutt så gjorde eg det.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine i denne saken?

Part: Nei, det tenkte eg ikkje på i denne saken, nei.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Andre?

Intervjuar: Ja, er det nokre andre rundt deg som har pressa deg?

Part: Njaa.. Det var frå fylket og sånt, ja. Eg vart jo nøydde til å bli med når eg kjøpte garden.

Intervjuar: Ja, så då var det eit lite press då på ein måte?

Part: Ja, visst ikkje så hadde det aldri blitt gjort sikkert. For han så eigde garden før meg skulle eigentleg ha gjort det, men så vart det ikkje gjort medan han eigde det. Så måtte eg gjera det når eg kjøpte.

Intervjuar: Kan du sei noko om oppførsel til dei andre partane undervegs i jordskiftet?

Part: Nei, det gjekk for så vidt greitt det.

Intervjuar: Har du brukt advokat?

Part: Nei.

Intervjuar: Og så er det litt om konfliktnivå. Før saken, var det eit konfliktnivå då vil du sei?

Part: Nei. Naboane skjønnte at eg vart tvungen til det. Så dei var ikkje sure på meg på grunn av det.

Intervjuar: Så du vil ikkje sei at konfliktnivået auka eller minska undervegs i saken då? Det var jamt?

Part: Ja, det var same heile vegen det.

Intervjuar: Og i dag, er det noko konfliktnivå i dag?

Part: Nei.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om denne saken?

Part: Nei, det har eg ikkje.

Transkribering 19

(Opplesing av informasjonsskriv) ..

Intervjuar: Kor framtreddande er den saken i ditt liv i dag?

Part: Om eg er bevisst på den saken i dag, ja. Ja, veldig bevisst på den. Det var ein utruleg god jobb som vart gjort der.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten?

Part: Det var for å betre arronderinga på jorda og for å få enklare drift av jorda. Eg hadde vore bonde i 30 - 40 år, og det var veldig kronglete med små teigar. Så det var tankane mine for å vera med å forlange utskiftinga.

Intervjuar: Hadde du eit ønske om å fremma denne saka til jordskifteretten? Var det noko du ville?

Part: Ja, det var noko eg ville.

Intervjuar: Vil du sei at du var aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Ja, aktivt deltakande. Absolutt.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaken var eit inngrep i din eigedomsrett?

Part: Ja, det var jo eit inngrep. Men det var til det gode, eller til fordel for min eigedom. Men eg måtte jo slipp på noko, sjølv sagt. Det er jo både å gi og ta, eller gi og få det.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskiftet?

Part: Ehh, ja. Det var stort sett positive følelsar. Men eg blei jo møtt med ein del negative følelsar i frå andre, spesielt eldre. Så det var jo litt surt då, men så gjekk det nokre år og så skjønnte dei at det var ein fordel det me hadde gjort.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli dei andre partane sine?

Part: Ehh.. Nei, eg følte ikkje at eg var bekymra for det, eigentleg.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over at det kanskje kunne komme nye naboar?

Part: Nei, det tenkte eg ikkje på kven som skulle bli naboar. Det hadde ingen betydning.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt det betre trivsel eller meir arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Ja, eg fekk mykje meir arbeidslyst til å fortsette jordbruket.

Intervjuar: Har du fått nokre skader eller ulemper, vil du sei?

Part: Nei.. Nei, eg vil ikkje sei ulemper og skader.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala på 1-10 den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: Haha, det var litt av eit spørsmål. Mitt psykologiske velvære, haha. Det var jo ganske interessant. Nei, det var jo egentleg veldig oppbyggeleg for mitt psykologiske velvære. Spesielt etterpå når dei gamle grunneigarane roa seg. Og at nokre av dei klarte å innrømme at det egentleg var bra, det me gjorde. Så steig jo sjølvtillita, så det var jo bra. Nei, var det på ein skala frå 1-10?

Intervjuar: Ja.

Part: 10 var det mest positive på den psykologiske innverknaden?

Intervjuar: 10 er mest negativt.

Part: 10 er mest negativt, ja. Oii, då må eg ikkje sei 10 då. Då må eg sei 1, for det var mest positivt. Og det var jo mest positivt for min del, og min eigen psyke.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i dette skiftet?

Part: Ja.. Eg hadde brukt ein del av far min si jord i 29 - 30 år, eller nei.. 28 år. Det var vell då eg begynte på den jorda. Så eg hadde brukt jorda i nesten 30 år når jordskifte vart krevd.

Intervjuar: Klare du å sei om du arbeide fulltid eller deltid på den jorda som gjekk i skiftet?

Part: Tidlegare eller no?

Intervjuar: Då. Før jordskiftet.

Part: Njaa.. ikkje akkurat når me forlangte jordskifte, for då hadde eg leigd ut garden min og så rekna eg med å jobba ein del utanom garden. Og det har eg gjort i åra etterpå. Å jobba utanom. Så det var berre deltid etter den tida.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10 igjen, kor viktig arealet som gjekk i skiftet var for deg følelsmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Ja, det arealet som var involvert i jordskiftet?

Intervjuar: Det arealet som du gjekk inn i skifte med.

Part: Det som eg gjekk inn med, ja. Njaa.. Om det var viktig for meg følelsmessig, det var det jo. Det var kanskje enda viktigare for meg då enn det er no. Nei, altså eg føler jo at eg må gå heilt til topps, for det var veldig viktig.

Intervjuar: Det arealet, var det dyrka mark eller noko tunareal? Er det mogleg å plassere det ein plass?

Part: Ja, det var ca. halvparten var dyrka og ca. halvparten var udyrka.

Intervjuar: Tenkje du mykje på det arealet i dag? Var det sårt å mista på ein måte?

Part: Nei, altså det som var mitt var ikkje sårt å miste i det heile tatt. For det var vanskeleg å komme til for å dyrke det skikkeleg då. Så det var ikkje noko vanskeleg å miste det, nei.

Intervjuar: Korleis synst du at eigedomen din kom ut av saken din då? Betre, uforandra eller verre?

Part: Nei, eigedomen min kom adskillig betre ut, så det. Så det var absolutt positivt.

Intervjuar: Tok det lang tid frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad i marka?

Part: Det var 3-4 år det tok. Det var kun ein feil dei gjorde, og det var eit areal som tilhørte ein annan grunneigar som eg har leigd i alle år. Og der gjorde dei ein feil då. Men eg kunne ikkje blande meg så mykje opp i, for då... Så lenge eg ikkje eigde det sjølv, så tenkte eg at det berre fekk vere slik då. Men stort sett var det veldig bra jobba i den saken der.

Intervjuar: Tok det lang tid å venna seg til tanken på at dåke skulle bytta areal?

Part: Å venne seg til tanken?

Intervjuar: Ja.

Part: Nei, det tok ikkje lang tid. Det var eigentleg berre.. eigentleg berre å glede seg over at jorda vart mykje meir sama, og at me kunne fortsetje nydyrkinga. Meir effektiv drift og sånt. Og eg og bror min tok ned nokre steingjerder og slikt. Så det var eigentleg veldig positivt.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytte av denne saken i form av nye vegar, industriområde eller hytteområde, eller noko slikt?

Part: Nei, ikkje i den type fordelar. Det er eigentleg ein fordel. Det var ein som var med i jordskiftet som sette i gang med stor kyllingproduksjon på garden sin då. Så det var jo positivt. Så han tene jo eit årsverk på den produksjonen der. Det var vell det mest positive resultatet av den saken der.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til desse andre partane? Er det naboar typisk eller er det familie og slikt?

Part: Ja, eg hadde jo relasjon til mine foreldre og min far. Han var jo nokså ganske betutta ei stund, for han mista ein del av si jord. Så han skjønnte ikkje det så veldig godt då under prosessen. Men etterpå når jordskiftet var ferdig så tok me ein biltur ute på marka, og det var siste turen han var der ute i marka. Og då synst han at det var fint å få samle det, og tatt vekk steingardar og slik. Så han vart jo nøgd til slutt då. Så det var nærmaste relasjon. Elles så hadde eg relasjon til andre grunneigarar som eig leigde jord av, så det har gått bra det. Eg har jo fått lov til å fortsette å leige, haha.

Intervjuar: Og korleis var forholdet mellom dåke før saken blei fremja for jordskifteretten? Var dåke einige eller var det noko konflikt?

Part: Nei, det var ikkje noko særleg konflikt. For det var ikkje så mange som dreiv jorda. Det var jo berre nokre få som hadde jordbruk. Men det var ingen konflikt vil eg sei. Det var ganske stille og roleg, vil eg sei.

Intervjuar: Så vil du sei at forholdet i etterkant vart betra, verre eller uforandra?

Part: Ja, den første tida i etterkant vart det verre. Men så gjekk det ca. 5 år, eller 4-5 år så vart det mykje betre. Det gjekk bra med dei unge gardbrukarane... Der var det jo raskt veldig bra. Så dei var fornøyde.

Intervjuar: Og i kva grad følte du deg forstått av dommaren i saken?

Part: Ja.. Eg følte meg godt forstått av dommaren. Veldig bra... ja.

Intervjuar: Og korleis påverka saksbehandlinga deg? Gav den deg tryggleik eller noko form for usikkerheit?

Part: Saksbehandlinga gav meg nok tryggleik... Det trur eg nok.

Intervjuar: Og synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Tjaa... Nei, eg trur ikkje akkurat at dei kom med rettleiing. Men eg kjente til systemet frå før av.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine i denne saken?

Part: Njaa... Eg var nok litt bekymra for han gamle grunneigaren som eg leigde ein del jord av, at han skulle sei meg opp då. Så då prøvde eg å gå stille i dørane, når det gjaldt han sine jordstykker då. Men.. Ja, eg var bekymra for det, det var eg nok.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei, det er ingen som har pressa meg til noko som eg ikkje hadde lyst til. Men det vart føreslått av han kameraten min som drive med kylling... Det vart føreslått av han at me skulle gå til jordskifteretten. Så det var i grunn eit veldig bra forslag, så det støtta eg med ein gang.

Intervjuar: Og korleis var oppførsel til desse andre partane?

Part: Jaaaa... Oppførsel under møtene var jo greie nok. Men det var vell eit brev som kritiserte meg, men det var ifrå noko som hadde kun 1 eller 2 små stykker, så det skreiv eg tilbake på ein høfleg måte og forklarte. Elles var det bra.

Intervjuar: I kva grad brukte du advokat?

Part: Nei, det var null advokat.

Intervjuar: Og no er det litt om konfliktnivå. Før saken, korleis var konfliktnivået mellom dåke då?

Part: Før saken begynte?

Intervjuar: Ja.

Part: Nei, då var det ingen konfliktnivå.

Intervjuar: Undervegs, auka eller minska konfliktnivået, vil du sei?

Part: Det auka konfliktnivået, det gjorde det nok.

Intervjuar: Og rett etterpå, korleis var konfliktnivået då?

Part: Ja.. Ehh.. Det auka.. Det var litt. Det var ein del.. Eg vil ikkje kalle det konflikt, men sure miner og kritikk mot at me gjekk til jordskifte og at det blei forandringar på jorda. Men eg trur ikkje at eg kan kalle det konflikt, eigentleg.

Intervjuar: Vil du sei at det er betre i dag enn rett etter saken?

Part: Ja, det er adskilleleg betre i dag. No har det roa seg og alle er nøgde og ser at det var ein stor fordel med jordskifte. Så det er veldig bra.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om saken?

Part: Nei...

Transkribering 20

(Opplesing av informasjonsskriv)...

Intervjuar: Kor bevisste er du på saken i dag? Er det noko du hugse i dag?

Part: Njaa.. hugsa gjere eg når. Eg har når mykje beitedyr oppe der, så klar at eg hugse det.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at saken skulle løysast av jordskifteretten? Var det litt skummelt eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Nei, det var ikkje skummelt. For det var eit kvart.. Me var einige i samband at det var greiare å merkja, så.. ja.

Intervjuar: Hugse du om du hadde eit ønske om at jordskifteretten skulle ta den saken?

Part: Ja, eg var ikkje motstandard av det. Så det var heilt greitt.

Intervjuar: Var du aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Eg var nok aktive. Var med å rydda og sette ned krossar og slik etterpå.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei, det vil eg ikkje sei. For det skulle når bli til det betre for å samla teigane. Eg hadde... ehh.. to teigar før, og no fekk eg samla det til ein.

Intervjuar: Hugse du korleis følelsane dine var undervegs i jordskiftet?

Part: Njaa... Eg.. Eg vil sei at eg hadde eit avslappa forhold til det.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli dei andre partane sine?

Part: Nei, ikkje noko slikt spesielt. Det låg vell i korta når me starta, at... at... me tapte noko og vant noko. Og det arealet var for så vidt mykje einsarta. Einaste var at eg mista ein liten skogteig som var planta gran på, og då fekk eg erstatning for det var ikkje hogga.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel eller meir arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Nei, det trur eg ikkje.

Intervjuar: Vil du sei at du har fått nokre ulemper eller skader?

Part: Nei, ehh.. Det kan eg ikkje sei.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten denne saken hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: Nei, då.. Det er meste toppscore, så 2.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk inn i skiftet?

Part: Ehh.. Eg hadde vell i grunn ikkje brukt det aktivt før etter 94. For då kom ein veg. Det er ein teig som ligge.. Vegen går faktisk gjennom dette området. Og den kom i 94, og då starta eg med å beite sau der igjen. Teigane har ligge der sidan 60-talet, men då var det foreldra mine så brukte det.

Intervjuar: Hadde arealet vore i din familie før du overtok?

Part: Ja, dette høyrte i viss... Ja, no har vell det vore i same slekta i snart 300 år.

Intervjuar: Klare du sei om du arbeidde fulltid eller deltid på det arealet som gjekk inn i skiftet?

Part: Nei, det var deltid.

Intervjuar: Og så er det på ein skala frå 1-10 igjen. Klare du å estimera kor viktig det arealet som gjekk i skiftet var for deg følelsmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Nei, det er... Midte på treet der. For eg hadde ikkje.. Det var heilt greitt. Eg kan ikkje hugsa..

Intervjuar: Kva areal var det som gjekk i skiftet, tun, innmark eller utmark?

Part: Det er ikkje noko dyrkamark, berre utmark og skogateigar. Stort sett skog med bjørk og slikt. Så eg hadde ein skogateig som var granplanta, og den vart hogga rett før jul i 2019.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskiftet kontra etter jordskifte?

Part: Nei, det var ikkje nokon endringar i den forstand. Heile arealet vert brukt i fellesskap. Så det er ikkje noko gjerdehald eller slik etter vegen kom. Så både før og etter utskiftinga er grensene.. Eller beita felles. Så teigane har ikkje noko å bety utanom på kartet, eigentleg.

Intervjuar: Så du vil sei at eigedomen din kom litt uforandra ut av saken då? Altså at du ikkje har merka den store forskjellen?

Part: Ja, det kom eit uforandra eigentleg.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskifte var gjennomført til dåke merka ei endring?

Part: Eg trur ikkje nokon merka noko endring, i den forstand.

Intervjuar: Tok det lang tid å venna seg til tanken på at dette jordskiftet skulle bli gjennomført?

Part: Aahh... Det kom vell meir i forkant enn etterkant, så det. Men så lenge det ikkje er dyrka areal inn i bilete, så var det i grunn ikkje dei store forandringane.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytte av saken?

Part: Ikkje meir enn at det er fleire som beiter på same område.

Intervjuar: Så er det litt om motivasjon, kva var din motivasjon i denne saken?

Part: Nei, det var først... Når me først skulle ha jordskifte, så var det om å gjera å få det best moglege ut av det.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen gjennom jordskifte eller mista du litt motivasjon?

Part: Nei, eg trur eg var nokså motiverte.

Intervjuar: Kva relasjon har du til dei andre partane, er det naboar eller typisk familie?

Part: Nei, det er begge deler. Naboar og folk som eg omgåast med heile tida. Så det har vore heilt uproblematisk.

Intervjuar: Så det har vore eit godt forhold då mellom dåke?

Part: Jadå, heilt.

Intervjuar: Hadde du noko samarbeid med nokre av desse andre før jordskifte?

Part: Ja, det var.. Det var sama som det har vore etterpå.

Intervjuar: Ok, så det er ikkje noko forandring i samarbeidet då?

Part: Nei.

Intervjuar: Merka du noko forskjell på forholdet dåkas før og etterpå?

Part: Nei.

Intervjuar: Så dåke er lika gode venner?

Part: Ja, ja.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren i denne saken?

Part: Nei, eg.. Det var for så vidt heilt greitt. Eg har vore meddommar tidlegare, så eg har arbeid saman med han som var dommar. Så det for så vidt heilt uproblematisk.

Intervjuar: Synst du at denne saksbehandlinga gav deg tryggleik eller usikkerheit?

Part: Neidå, det var heilt greitt. Det var ikkje nok.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold, at det då spelte inn på avgjerslene dine?

Part: Nei.

Intervjuar: Ingenting, nei?

Part: Nei.

Intervjuar: Korleis var oppførsel til dei andre partane undervegs i jordskifte?

Part: Ehh... Nei..

Intervjuar: Heilt normal, eller?

Part: Eg vil sei det. Det var ikkje.. Alle prøvde å bera fram sine syn, så at det spriker litt – det gjere det. Men ikkje slik at det var unormalt.

Intervjuar: Brukte dåke advokat?

Part: Nei, ikkje der. Eller no sa eg at det ikkje var advokat i bilete, men det var nok det, ja.

Intervjuar: Og så er det litt om konfliktnivå. Før saken, forstod eg deg rett visst det ikkje var noko konfliktnivå før saken var fremja?

Part: Nei.

Intervjuar: Synst du at det var litt oppheta undervegs i saken, for å sei det slik?

Part: Ja, litt. Det er alltid litt temperatur, det er heilt normalt. Men ikkje slik at det ikkje gjekk over.

Intervjuar: Så det gjekk over etter saken då, eller?

Part: Jadå, jadå.

Intervjuar: Merke du noko forskjell på i dag og rett etter saken? Er det noko endring i konfliktnivå eller vennskap?

Part: Nei.

Intervjuar: Og heilt til slutt så lure eg på om det er noko meir du har lyst å tilføya om denne saken?

Part: Nei, eh.. Nei, det verka greitt. Når me kom i orden, så funka det bra. Så det var ikkje noko konflikt eller noko.

Transkribering 21

(Opplesing av informasjonsskriv) ..

Intervjuar: Kor bevisst er du på makebyttet i dag?

Part: Nei.. Det tenker eg absolutt ikkje på. Slik som det har blitt her, så er det vertfall ikkje noko å tenka på no. For det me bytta vekk, har me overtatt igjen no.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten den gongen? Var det litt skummelt eller brydde du deg ikkje så mykje?

Part: Neida, neida. Eg har vore i jordskifteretten fleire gongar, så det er ikkje første gongen.

Intervjuar: Men hadde du eit ønske om å fremja saken til jordskifteretten den gongen?

Part: Ja, for all del. Det var det eg ønska, ja.

Intervjuar: Var du aktiv eller deltakande i saken?

Part: Eg var aktiv, ja.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei, nei, nei. Eg følte berre at det var til hjelp. Eg følte at det var.. Eg vart litt overraska over resultatet då, men i ettertid gjer det ingenting.

Intervjuar: Kan du sei noko om korleis følelsane dine var undervegs i jordskifte?

Part: Nei, det var heilt greitt. Eg synst det var veldig bra. Eg fekk det eg ønska, for å sei det slik.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Nei, det blei eigentleg det arealet.. Eller det var berre eit areal som var aktuelt. Altså det var berre eit areal eigedomen grensa mot, liksom.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel eller du ser lysare på livet eller har fått meir arbeidslyst?

Part: Nei, nei, nei. Som sagt, så synst eg at det var bra. Eg fekk den tomta som eg skulle bygge driftsbygning på, som eg ønska.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten saka hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: 10 er best?

Intervjuar: Nei, 10 er mest negativt.

Part: 10 er mest negativ, ja. Nei, då får eg sei 2 då.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Nei, eg hadde aldri brukt det.

Intervjuar: Arbeidde du fulltid eller deltid på det arealet som gjekk i skifte?

Part: Eg arbeide for så vidt fulltid på eigedomen.

Intervjuar: På ein skala frå 1-10 igjen. Kor viktig er det arealet for deg følelsesmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Det var veldig viktig. Så visst 1 er best, får eg ta 2 igjen då.

Intervjuar: Det arealet som du bytta vekk, var det tun eller noko innmark eller utmark?

Part: Det var beite.

Intervjuar: Tenke du mykje på det arealet som du mista den gong, og har fått tilbake?

Part: Nei, men når eg fekk det igjen. Så synst eg at det var voldsomt kjekt. Men så tenker eg ikkje så mykje på det.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før kontra etter jordskiftet då?

Part: Nei, den vart for så vidt mykje betre.

Intervjuar: Hugse du om det tok lang tid frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad?

Part: Nei, det var med ein gong. Eller det var nesten motsett. Det var nesten gjort før. Det vart gjort før det var målt opp.

Intervjuar: Tok det lang tid å venna seg til tanken på at dåke skulle bytta areal?

Part: Nei, det tok ikkje lang tid, nei.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytta av denne saken, til dømes i ein ny veg eller industriområde eller hytteområde eller noko slikt?

Part: Nei, nei, nei. Kun gardeigarar.

Intervjuar: Og no er det litt om motivasjon. Kva var din motivasjon for å gjennomføra saken?

Part: Det var å bygge ny driftsbygning på eigedomen.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen eller mista du noko motivasjon?

Part: Nei, eg var motivert heile vegen.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til motpart, nabo eller familie?

Part: Naboar, ja.

Intervjuar: Og korleis var forholdet dåkas før saken?

Part: Nei, det var bra det.

Intervjuar: Hadde dåke noko form for samarbeid før saken?

Part: Det var samarbeid rundt denne saken.

Intervjuar: Har dåke samarbeidd noko i ettertid?

Part: Ja, me har samarbeid på same måte i ettertid.

Intervjuar: Vil du sei at forholdet dåkas vart betre etter saken?

Part: Ja.

Intervjuar: I kva grad følte du at du vart forstått av dommaren?

Part: Nei, det var heilt greitt det.

Intervjuar: Og korleis påverka saksbehandlinga dåke? Gav den tryggleik eller nok usikkerheit?

Part: Den var.. Saksbehandlinga var veldig grei og fin.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ja, for det aller meste. Men det var ein liten ting der, og det var at det stod skog.. Det stod skog på litt av arealet, og så.. Og så reagerte eg litt seint på det. Og i ettertid så møtte eg dommaren ved ei anna anledning, og da spurde eg om eg kunne hogga dette på førehand. Det kunne eg, sa han. Men då måtte eg ha hogd med det same. Så det kunne han ha informert om det, einaste.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine?

Part: Nei, det har ikkje påverka nokre avgjerder.

Intervjuar: Har du kjent på eit press frå nokre andre om å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei, nei, nei.

Intervjuar: Korleis var oppførsel til motpart?

Part: Nei, den var heilt passiv og grei.

Intervjuar: Brukte dåke advokat?

Part: Brukte ikkje advokat, nei.

Intervjuar: Og no til slutt er det litt om konfliktnivå? Korleis var konfliktnivået mellom dåke før saken?

Part: Det var ingen konfliktnivå, nei.

Intervjuar: Følte du at konfliktnivået auka eller minska undervegs i saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Og rett etter saken, var det noko konfliktnivå då eller?

Part: Hæ?

Intervjuar: Rett etter saken, var det like bra då?

Part: Jada, jada.

Intervjuar: Har du merka noko forskjell på rett etter saken og fram til i dag?

Part: Nei.

Intervjuar: Og til slutt, er det noko meir du har lyst å tilføya om denne saken?

Part: Nei, men eg kan sei at det er positivt med jordskifte.

Transkribering 22

(Opplesing av informasjonsskriv) ...

Intervjuar: Kor bevisst er du på saken i dag?

Part: Nei, ikkje noko spesielt.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten den gong? Var det litt skummelt eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Ja, eg synst det var litt skummelt, ja.

Intervjuar: Hadde du eit ønske om å fremja den saken til jordskifteretten?

Part: Ja, eg hadde eigentleg det.

Intervjuar: Vil du sei at du var aktiv eller deltakande i saken?

Part: Ja, eg var aktiv.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Ja, eigentleg det.

Intervjuar: Korleis var følelsane dine undervegs i jordskifte?

Part: Nei, dei var litt blanda då.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Ehh, ja, det var eg.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, for eksempel gitt deg betre trivsel eller meir arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Nei, eigentleg ikkje.

Intervjuar: Vil du sei at saken har gitt deg nokre skader eller ulemper?

Part: Nei, det er når både fordelar og bakdelar, så det.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten denne saka hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: 6

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk inn i skiftet?

Part: Ehh.. Nei, det hadde eg vell brukt i 25 år då.

Intervjuar: Hadde arealet vore i din familie tidlegare, altså før deg?

Part: Ja.

Intervjuar: Arbeidde du fulltid eller deltid på det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Fulltid.

Intervjuar: Og så er det på ein skala frå 1-10 igjen. Klare du å estimera kor viktig det omtalte arealet er for deg følelsmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Nei, ta 7.

Intervjuar: Kva areal vart bytta vekk, var det tun, innmark eller utmark?

Part: Innmark.

Intervjuar: Tenkje du mykje på det arealet i dag?

Part: Nei, ikkje spesielt. Nei, eigentleg ikkje, nei.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Kva eg synst om den?

Intervjuar: Ja. Var den betre før enn etter?

Part: Nei, den er betre no etter.

Intervjuar: Kor lang tid tok det frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad ute i marka?

Part: Nei, det var jo på innmark. Så det var ikkje så veldig lenge.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok å venna seg til tanken på at du skulle bytta areal?

Part: Nei, eg hugse ikkje heilt akkurat. Men det var ikkje så voldsomt det.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytte av denne saken, for eksempel i ein nye veg eller noko industriområde eller hytteområde eller noko slikt?

Part: Nei, det vart ikkje berørt.

Intervjuar: Så er det litt om motivasjonen din, kva var din motivasjon for å gjennomføra saken?

Part: Det var å få det lettare.

Intervjuar: Vil du sei at du var motivert heile vegen eller mista du på noko tidspunkt motivasjonen?

Part: Nei, eg veit ikkje heilt. Men litt begge deler gjedna.

Intervjuar: Kva relasjon hadde du til motpart? Er det nabo eller søsken eller?

Part: Ehh.. nabo.

Intervjuar: Og korleis var forholdet dåkas før saken?

Part: Nei, nokolunde kan du sei.

Intervjuar: Hadde noko form for samarbeid før jordskifte?

Part: Ja, littegrann.

Intervjuar: Har dåke hatt noko meir etter jordskifte?

Part: Ja, det har me.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas etter jordskiftet? Var det noko endring, at det vart betre eller verre eller uforandra?

Part: Det vart kanskje litt verre.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren i saken?

Part: Jo, nokolunde bra.

Intervjuar: Korleis påverka saksbehandlinga deg? Gav den deg tryggleik eller usikkerheit?

Part: Nei, litt usikkerheit.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Nei, gjedna litt lite.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine i saken?

Part: Nei, eigentleg ikkje det.

Intervjuar: I kva grad har andre pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei, det har dei ikkje.

Intervjuar: Korleis var åtferda til motpart?

Part: Nei, litt blanda, trur eg.

Intervjuar: I kor stor grad brukte du advokat?

Part: Nei.

Intervjuar: Ingen advokat, nei...

Part: Nei.

Intervjuar: Og så er det litt om konfliktnivå no på slutten. Før saken – vil du sei at det var eit konfliktnivå mellom dåke då?

Part: Ja, littegrann.

Intervjuar: Undervegs i saken – følte du at konfliktnivået auka eller minska?

Part: Det vart betre.

Intervjuar: Etter saken, korleis var konfliktnivået då?

Part: Nei, nokolunde bra.

Intervjuar: Er det noko forskjell mellom rett etter saken og i dag?

Part: Ja, litt betre i dag.

Intervjuar: Og det siste spørsmålet er om det er noko meir du har lyst til å tilføya?

Part: Nei, eg trur ikkje det.

Transkribering 23

(Opplesing av informasjonsskriv)...

Intervjuar: Kor bevisst er du på den saken i dag?

Part: Faktisk ganske bevisst på den i dag også.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten? Var det litt skummelt eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Me brydde oss veldig voldsomt, og var veldig engasjert, og opplevde det veldig traumatisk.

Intervjuar: Hadde du eit ønskje om at denne saken skulle til jordskifteretten?

Part: Nei, det var staten som hadde meldt det inn til jordskifteretten. For å... Ja, eg var jo gardbrukar... Eg må gå ein annan plass i huset, for det er så mykje støy. Så berre vent litt.

Sånn.

Intervjuar: Neste spørsmål er om du var aktiv eller deltakande i saken?

Part: Ja, eg var aktiv.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Ja, det følte eg.

Intervjuar: Kan du sei noko om korleis følelsane dine var undervegs i jordskifte?

Part: Ja, eg vart heilt utslått av det. Det tok masse energi, krefter, følte meg urettferdig behandla, særleg fordi eg var kvinne så kjente eg veldig på at dei andre naboane vente seg mot meg, og me dreiv økologisk og det var ikkje bra nok det me gjorde, og eg følte ikkje at jordskiftedomaren tok dei her, altså var rettferdig i desse here tinga som eg opplevde som urettferdig. Så eg opplevde det som kjempe tøft å vere dame i ein sånn mannegreie, som det dere var. Det var 5 andre naboar som var involvert i det, og det var menn som var med på dei dere møtene. Så eg var jo einaste kvinne der.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av din eigedom som kom til å bli motpart sin?

Part: Ja, det var jo kjempe krangel rundt det.

Intervjuar: Har saken forandra deg i positiv forstand, f.eks. gitt deg betre trivsel eller meir arbeidslyst eller noko?

Part: Nei, den har heller.. Eller skapte jo heller meir negativt naboforhold og gjorde det vanskelegare å vere.. Me har i tillegg innflyttarar også, så det blei heller vanskelegare naboforhold over lang tid, eigentleg. Det sitter eigentleg inne enda.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10 den positive eller negative effekten på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: På ein skala frå 1-10, så opplevde eg 10 på det negative.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Me var vell ferdig med skifte i (anonymt årstal), så skal me sjå.. Eg overtok familiegarden i (anonymt årstal), så då hadde eg brukt det i 21 år sånn ca.

Intervjuar: Arbeidde du fulltid eller deltid på det arealet som gjekk i skiftet?

Part: Deltid.

Intervjuar: Klare du å estimera kor mange timar i året, sånn ca.?

Part: Ehh.. nei, ikkje timar i året. Men me hadde... Det er eit deltidsbruk.

Intervjuar: Så er det på ein skala frå 1-10 igjen. Klare du å estimera kor viktig det arealet som gjekk i skiftet var for deg følelsmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Altså, det var.. Ehh.. 5 eller noko kan me vell sei. Men det som var spesielt med denne saken var at (anonym) hadde kjøpt arealer som dei delte ut, og i tillegg. Så det er ikkje vanleg i jordskifte, og så delte dei ut og så bytta dei jorder og sånt. Så fekk nokre.. Hadde dei ganske mykje areal så vart delt ut, men det var jo slik at dei som hadde politiske kontaktar fekk mest kan du sei. For det er jo landbrukspolitisk bestemt.. Landbruksstyre og jordbrukssjef som laga ein fordelingsnøkkel som vart anka til fylke. Men me fekk ingenting i den lokale behandlinga, så gjekk me til fylke og fekk littegrann. Så det var ein veldig spesiell prosess her oppe.

Intervjuar: Kva areal var det som vart bytta vekk frå deg? Var det innmark eller utmark?

Part: Ja, det var både innmark og utmark.

Intervjuar: Og kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Nei, altså... Det som var spesielt med det jordskifte.. Altså me fekk litt meir areal etter jordskifte fordi me fekk ekstra areal etter anken til fylke. Så du kan sei at det vart ein gevinst for vår eigedom totalt sett, og det må me jo vera nøgd med. Men når det vart fordelt på 5 personar, vart me ikkje nøgd med så lite.

Intervjuar: Men synst du at eigedomen din kom betre, verre eller uforandra ut av saken?

Part: Nei, totalt sett kom me betre ut av saken. I og med at me fekk meir areal, så fekk me... Og me fekk jo løyst.. Altså me hadde ein kampsak om å ha tilgang til ein bekk i nokre beiteområde, og til slutt så fekk me det. Men det var ein kjempe lang kamp, der eg opplevde veldig at alle naboane var sånn «ja, kvifor skal dåke ha det liksom?», altså veldig sånn negative greier. Og dei fekk veldig mykje meir enn oss, og veldig mykje meir av det dei ville ha heile tida, og det opplevde eg veldig tøft. Men ikkje sant, det var ganske store areal (anonym) hadde, og kommunen hadde ein ide om at dei skulle ordne med teigblandingar og sånn. Så dei gjekk hardt på folk som både hadde småteigar og kjøpte opp ein gard.. Så dei hadde rundt ein 400 dekar jord som skulle fordelast, og det var ganske store ressursar (anonym) satt på då. Og det gjer det litt spesielt i sånn jordskiftesamheng.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskiftet var gjennomført til endringa fant stad ute i marka?

Part: Ja, det tok ikkje lang tid. Det vart gjennomført med ein gong.. Eg lure på om dommen falt på hausten, eg. Og då trur eg at me var i gong med dei nye grensene frå neste vekstsesong.

Intervjuar: Tok det lang tid på å venne seg til tanken på at dåke skulle bytta areal?

Part: Altså, heile prosessen tok mange år. Så me var inneforstått med det. Men eg kjenner enda at nokre av desse areala, så er eg ikkje einig i det den jordskiftedommen falt på. Og det kjenner eg på det atte... Og det handlar om verdsetting. Ikkje sant atte - noko av desse utmarksareala våre, og særleg nokre som eg hevda at hadde ein verdi for turisme. Me hadde ein odde ut til sjøen som var felles eige, og eg hevda det. Og dei andre sa nei. Så dei verdsetta den veldig lågt som beitemark, men i dag så er den regulert til hytte... Eller sånn tomter for turisme. Så eg fekk rett i det, men fekk ikkje uttjeljing for å gi frå oss det arealet, blant anna. Så det var jo sånn.. Men det er ingen som har bygd noko der, så det gjenstår å sjå om blir gjort då. Så det var mange sånne greier i det der. Men ein må på ein måte.. Det er jo sånn at sjølv om.. Eller eg blir jo heilt opprørt berre eg snakkar om det, og stressa av å tenke på det igjen. Men ein må jo berre, ja. Sånn vart det, og bli ferdig med det. Ein kan jo ikkje grave seg ned i det, det kan ein jo ikkje. Men det tok ei god stund etter.. Altså nokre er ikkje med i lokalsamfunnet fortsett etter den dere greia. Nokre av dei andre naboane, så det er ikkje berre eg som er misnøgd med heile prosessen. Det var det ikkje.

Intervjuar: Så er det litt om motivasjon. Kva var din motivasjon til å komma deg gjennom denne saken?

Part: Nei, altså... Det var jo ein sak som du vart pålagt til å vere på. Og du vart engasjert i det, fordi det handla om.. Altså det handla like mykje om neste generasjon. Det var ein motivasjon for meg.. Eg hadde ein son på det tidspunktet som eg visste var interessert i å overta, og var opptatt over korleis det her skulle utvikle seg. Så eg tenkte på korleis dette skulle bli best mogleg for neste generasjon då. Og moglegheita for å drifte og økonomisk. Det handlar jo om økonomi, eigentleg. For når eg seie at me berre fekk litt areal, så opplevde eg jo det at dei andre vart for-fordelt moglegheita til å tene meir pengar på garden sin. Eller få ein betre økonomi på sin gard, det opplevde eg vell veldig.

Intervjuar: Var du motivert gjennom heile saken eller mista du litt motivasjon?

Part: Nei, det var vanskeleg. Eg synst me var med heile vegen, ja.

Intervjuar: Og så er det litt om deg og desse naboane før saken, var det eit godt forhold før dette kom opp eller korleis var det då?

Part: Ja, det var vertfall eit mykje betre forhold.

Intervjuar: Hadde du ei form for samarbeid med nokre av partane før jordskifte?

Part: Ja, littegrann ja.

Intervjuar: Har det fortsett etter saken?

Part: Nei, det har det ikkje gjort.

Intervjuar: Korleis var forholdet dåkas rett etter dette jordskifte?

Part: Da var det ganske avmalt. Ein snakka ikkje eller helste ikkje på kvarandre. Det gjere ein no, men ikkje då. Og ein hadde vell.. Heldigvis tenke eg – at det budde andre folk som ikkje dreiv med landbruk i denne bygda. Og det er redninga for at velforeininga alt sånt noko, kunne forsetje å eksistere.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren i denne saken?

Part: Nei, eg følte meg ikkje godt forstått av dommaren nei.

Intervjuar: Og korleis påverka saksbehandlinga deg? Gav den deg tryggleik eller noko form for usikkerheit?

Part: Nei, den gav meg både usikkerheit, sinne og irritasjon. Ein energitjuv heile greia. Eg låg på sofaen etter kvar gong me hadde hatt møte. Resten av kvelden.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Altså den skaffa eg meg sjølv utanom. Fekk den ikkje spesielt der. Eg sette meg jo inn i saken, og ja – prøvde så godt eg kunne. Både leste og ja.. Diskuterte med andre faglærte, ja.. Personale rundt sånne faglege jordskiftegreie, og tok kontakt med jordskifte på Ås og institusjonen der for å høyre kva ein kunne forventa om rettar og sånt forskjellig.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine i denne saken?

Part: Nei, det bekymra eg meg ikkje for der. Det er meir enn sånn sørgeleg biverknad. Men sånn vart det liksom.

Intervjuar: Og korleis var åtferda til motpartane?

Part: Avvisande, ofte litt spydig, litt ironisk, nedlatande..

Intervjuar: Og i kor stor grad brukte du advokat?

Part: Nei, det bruke eg ikkje i det heile tatt.

Intervjuar: Og no er det litt om konfliktnivå – før saken korleis var konfliktnivået mellom dåke partar då?

Part: Nei, før saken kom opp var det ikkje noko konfliktnivå. For det her var ikkje noko.. Det var landbrukskontoret som iverksatte den her. Og det er klart at konfliktnivået utspant seg frå det augneblikket frå dei kjøpte jord rundt oss alle saman, og samla oss og sa at no har me så og så mykje jord... Og ein ting... Det hadde vore lettare å bytte – og det trur eg at det er fleire av oss som synst – visste det ikkje hadde blitt så skeivt. Både landbruksmyndigheitene og jordstyret eller det som er landbruksnemnd, altså den politiske behandlinga, som for-fordelte. For dei meinte at den hadde meir behov for jord enn nokre andre. Og dei hadde mykje frå før. Så visst dei hadde brukt eit meir likskapsprinsipp.. Ein gard fekk bort i 50 %, og det er klart at alle andre vart rasande på det. Og så vart det eit bikkjeslagsmål, men han satt då og var høggt oppe i det politiske systemet. Eller han var jo ordførar. Så han fekk pga. den politiske tilknyttinga si. Og så handla det om kor mykje leigejord folk hadde, og mykje dill. Så visst det her hadde blitt gjort litt annleis i utgangspunktet.. Eg ser føre meg visst alle hadde fått 20%, då kan du sei. For det er andre og som er forbanna. Så hadde dette her gått på ein annan måte, og då hadde det vorte lettare å gitt frå seg areal eller bidratt til å finna gode

løysingar. Men heile greia vart ein kamp om å få litt. Og det var litt det som gjorde at det tok så lang tid, for det var jo anka mange gongar opp til fylke og, ja. Og så var det fordelt i to porsjonar, dette arealet då. For (anonym) hadde kjøpt i to rundar.

Intervjuar: Så du vil sei at det var undervegs i denne saken då at konfliktnivået auka, eller?

Part: Nei, det var frå då at dei kom med.. Eller først så skulle me søkja, trur eg. Me fekk beskjed om at landbrukskontoret hadde sikra seg så og så mykje eigedom, og så hadde alle forskjellige argument for at dei trengde meir jord. Og det handla og om.. Eller då kom det veldig fram at me dreiv økologisk. For då brukte dei andre naboane mot oss at me trengte ikkje meir jord, for me kunne berre kjøpa meir kunstgjødsel og få opp avlinga på den måten. Og i eit landbruksområde som er styrt av gamle gubbar og (anonymt parti) som er negative til landbrukskontoret, så kjøpte på ein måte dei den løysinga på det heile. Og det var jo ikkje noko morosamt. Men me fekk jo litt medhald av fylket når me anka på det. For det kom jo skriftleg frå landbrukskontoret at me kunne jo berre bruka meir kunstgjødsel, for å auka volumet då ved å ikkje driva økologisk. Samtidig som det var ei målsetting frå staten om å driva meir økologisk. Så me endte opp ein slik... Økologisk vart eit tema i kranglinga på om det var rett å få jord eller ikkje, og det var ein del av denne here. Og det synst eg var veldig dårleg gjort.

Intervjuar: Og etter saken – vil du sei at det er noko forskjell på rett etter saken og i dag?

Part: Ja, det vil eg sei at han roa seg veldig mykje ned. Med desse naboane så føler eg at me kan omgåast og sitte å snakke saman, og møtast nede på velforeiningshuset. Og ha ein hyggeleg prat, men du kjenne veldig på at du har mista tilliten til dei for alltid. Så ein har på seg ein høflegheitsgreie i staden for at du før stolte på dei på ein annan måte.

Intervjuar: Og til slutt – så er det siste spørsmålet om du har lyst å tilføye noko meir?

Part: Altså eg har når sagt ganske mykje, haha. Men, altså.. Det som er det viktigaste for meg å poengtere kor gale som det gjorde, var at den fordelinga som vart føretatt og som jordskifte på ettervis sa at dei ikkje.. Altså dei haldt seg til det som var blitt bestemt av, ikkje sant.. Myndighetene, fylke, fylkesmannen og landbrukskontoret. Visst dei hadde fordelt det dei hadde å fordele litt meir likt. For det var stor ulikheit i måten dei ville fordele den jorda som var tilgjengeleg. Og dei på ein måte, når dei skal setja seg ned å fordele, så prøver dei å sjå inn i glaskula om kven som hadde mest brukt for den jorda. Og no når me sitter med svaret, så er noko av den jorda som vart tildelt bortleigd. For dei som fekk jorda hadde eigentleg ikkje brukt for den. Og nokon – slik som eg som hadde ein son. For no har det blitt generasjonsskifte på nokre av gardane, ikkje sant. Sånn at det stemte ikkje det dei tenkte. For dei tenke kva er det som gjer dei forskjellige gardane framtidretta og berekraftig og at dei kunne ha store... Eller bli viktige arbeidsplassar då. Men det stemmer ikkje det som nokon fekk av jordskifte då. Dei har leigt vekk jorda si heile tida etterpå, og det viser noko av urettferdigheit som vart begått i det jordskifte. Ein som fekk forholdsvis mykje jord har ikkje klart å drifte den jorda, og har leigd det ut til oss som trengte meir jord og fekk mindre jord.

Men eg vil og sei at jordskifte burde gå inn når jordbruk blir nedlagt eller slikt, men ha litt større greie på at dei skal fordele litt meir likt. Eller ha likare fordeling, det synst eg at dei bør etterstrebe. Til fleire naboar, og ikkje lage større skeivfordelingar. For her hadde dei ein tanke om at dei skulle lage nokre større bruk, men det var ikkje nødvendig. Det låg i politikken at det skulle vere få, men større bruk.

Eg meiner sjølv at som dame eller kvinner bør ein stå i det her greiene åleine, men det var ein kvinnediskriminering. Eller du kjente at det kom fram i det here her, at det å vere kvinne var ingen fordel. Så det løyste seg litt i ein av dei siste befaringsane, for å hadde eg med mannen min. Og då var eg så sliten av det here her, og då var han med. Og då kjente eg på at eg vart kjempe provosert, for då roa desse naboane seg meir ned. Og det var irriterande å sjå på. Så eg er enda litt sint på han jordskiftedommaren som lèt det vere slik.

Så visst eg skal konkludere, så kunne ein fått dempa konfliktnivå ved å ha meir, altså fleire av oss hadde følte at det var lik og rettferdig fordeling. Eller kva som er rettferdig kan jo diskuteras. Men den ulike fordelinga, kjentes veldig urettferdig for mange av oss i denne here saken.

Transkribering 24

(Opplesing av informasjonsskriv)...

Intervjuar: Det første spørsmålet er kor bevisst er du på saken i dag? Er det noko du tenkjer over i dag?

Part: Ehh.. Ja. Det er med den ventetida. Den var heilt ekstrem, så den tenke eg på i dag.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten den gong? Var den litt tøft eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Neida, det var jo frivillig og alt. Me tok jordskifteretten fordi det var mykje billigare – for å sei det rett ut. For eg skulle berre bytta ei tomt med naboen i all fordraglegheit.

Intervjuar: Vil du sei at du var aktiv eller deltakande i denne saken?

Part: Om eg var deltakande, ja.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei, overhovudet ikkje.

Intervjuar: Og kan du sei noko om følelsane dine undervegs i jordskifte?

Part: Ja, det var ein følelse av rettferdigheit og at det offentleg noko ein kunne stole på. Og at begge partar tenkte det same.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli motpart sin?

Part: Neida, det var jo frivillig så.

Intervjuar: Har saken forandra deg på noko vis, f.eks. gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Nei, ingenting slikt. Det er berre det at jordskifteretten var til å stole på.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten saken hadde på di psykologiske velvære? Då er 10 mest negativ.

Part: Hehe, då vil eg sei 2.

Intervjuar: Kor lenge hadde du budd eller brukt det arealet som gjekk inn i skiftet?

Part: Ååå, det arva eg etter min far. Så ca. 57 år, så eg er ikkje så gamal då, hehe.

Intervjuar: Arbeide du fulltid eller deltid på det arealet?

Part: Nei, det var ein fritidseigedom.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10 igjen, kor viktig det arealet som gjekk i skiftet var for deg følelsmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Ehh... det har eg i aldri tenkt på. Er det lov å sei veit ikkje?

Intervjuar: Ja, det er heilt lov.

Part: Bra, for der er eg heilt tom.

Intervjuar: Kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Den var heilt ok.

Intervjuar: Synst du at den kom betre, uforandra eller verre ut av saken?

Part: Ehh.. Den kom vell eigentleg ut sånn bob-bob. For grunnen til jordskifte var for at min far hadde bygd ei hytte inn på annan mann sin eigedom. Så det var jo positivt for meg å få det løyst.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskifte var gjennomført til endringa fant stad ute i marka?

Part: Nei, det kan eg ikkje hugse. Men for å vere heilt ærleg så tok det ikkje lang tid.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok å venne seg til tanken på at dåke skulle bytta areal?

Part: Ehh.. Nei, det kan eg ikkje sei. Eg har ikkje den minste aning.

Intervjuar: Og så er det litt om motivasjon, kva var din motivasjon i denne saken?

Part: Det var å få hytta over på min eigen eigedom.

Intervjuar: Var du motivert heile vegen, eller mista du på noko tidspunkt motivasjon?

Part: Nei, eg var motivert heilt til eg hørte kva det kosta hos kommunen med oppmåling.

Intervjuar: Ja, for det er litt dyrare rekna eg med.

Part: Litt?? Du kan gonge det opp mange-mange gongar.

Intervjuar: Såpass, ja. Og så er det litt om relasjon til dei andre partane. Er det nabo eller søsken eller noko familie elles?

Part: Nei, det var nabo.

Intervjuar: Og korleis var forholdet dåkas før saken?

Part: Det var heilt ok, det. Heilt vanleg.

Intervjuar: Hadde du noko samarbeid med dei før saken?

Part: Nei, ikkje anna enn at me sitter i same velforeining.

Intervjuar: Har dåke hatt noko meir samarbeid etter saken?

Part: Ehh, ja faktisk.

Intervjuar: Og korleis var forholdet dåkas rett etter saken? Var det betre, verre eller uforandra?

Part: Nei, det var litt meir negativt. For han holdt ikkje sin avtale om å holde skogen nede, så litt dårlegare. Men ikkje noko slikt... Eg lever med det.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren i saken?

Part: Dommaren?

Intervjuar: Ja, han som gjennomførte byttet for dåke?

Part: Åja, sånn ja. Eg fekk berre eit papir i handa eg, så eg veit ikkje noko meir eg.

Intervjuar: Nei, så du har ikkje møtt på han då – for å sei det slik?

Part: Aldri. Eg møtte kun han som målte opp, eg.

Intervjuar: Følte du at du fekk noko rettleiing av retten?

Part: Eg fekk rettleiing av han som kom å målte. Og nokre brev med informasjon og slikt... Som eg ikkje hugse noko ting av, haha.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine i det skiftet?

Part: Det har ikkje vore noko negativt i det heile tatt.

Intervjuar: Føle du at nokon har pressa deg til å bli med på eit jordskifte eller løysingar som du gjerne ikkje hadde lyst til?

Part: Nei.

Intervjuar: Kan du sei noko om åtferda til motpart?

Part: Ehh.. Akkurat som min. Veldig grei åtferd.

Intervjuar: Brukte dåke advokat?

Part: Nei.

Intervjuar: Og så er det litt om konfliktnivå. Før saken, var det noko konfliktnivå då?

Part: Nei.

Intervjuar: Undervegs i saken, auka eller minska konfliktnivået?

Part: Nei, det var ikkje noko konfliktnivå.

Intervjuar: Ikkje rett etter heller?

Part: Nei, ikkje rett etter heller.

Intervjuar: Merke du noko forskjell på rett etter saken og i dag?

Part: Nei, ingenting.

Intervjuar: Og til slutt – er det noko du har lyst til å tilføya om saken?

Part: Eg vil jo gjerne skryte av dei, eg. Når dei først kom etter mange år, så var det veldig kjekt. Men det tok litt tid. Dei har tydelegvis alt for mykje å gjera. Me venta lengre enn 2 år. Men det gjorde

ingenting, for me var einige om å vente så... Nei, så eg er berre glad for dei. Sku berre ønska at dei fekk litt meir ressursar. Så eg er veldig nøgd.

Transkribering 25

(Opplesing av informasjonsskriv) ...

Intervjuar: Det fyrste spørsmålet er kor bevisste er du på den saken i dag? Altså om det er noko du tenke over i dag?

Part: Nei, i grunn ikkje.

Intervjuar: Kva tankar hadde du om at du skulle i jordskifteretten då? Var det litt skummelt eller brydde du deg ikkje så voldsomt?

Part: Nei, det var i forbindelse med eit kjøp av ein gard. Så det var eit krav i det kjøpet at dei kravde jordskifte.

Intervjuar: Vil du sei at du var aktive eller deltakande i den saken?

Part: Ja, eg var ikkje så mykje aktiv. Det var bestemt. Så vil ikkje sei at eg var det.

Intervjuar: Følte du at jordskiftesaka var eit inngrep i eigedomsretten din?

Part: Nei.

Intervjuar: Klare du å sei noko om korleis følelsane dine var undervegs i det jordskifte?

Part: Ehh.. Det er så lenge sida, så kva skal eg sei. Ehh... Det var nok.. Korleis følelsane mine var, ja.. Eg veit ikkje heilt konkret. Eg trur ikkje at eg hugse altså.. Det er vanskeleg å sei.

Intervjuar: Var du på noko tidspunkt bekymra over kva delar av eigedomen din som kom til å bli dei andre partane sin?

Part: Nei, i grunn ikkje sidan eg hadde jo berre forpakta den før. Eg eigde den ikkje. Den var i forbindelse med eit kjøp då.

Intervjuar: Vil du sei at den saken har forandra deg på noko vis, f.eks. gitt deg betre trivsel eller arbeidslyst eller noko slikt?

Part: Ja.. Det har jo blitt betre for alle partar, vil eg sei då. Pga. sånn teiginndeling, men... Om det forandra meg personleg, du tenkte på?

Intervjuar: Ja.

Part: Nei, det trur eg ikkje.

Intervjuar: Føle du at du har fått nokre ulemper eller skader av den saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Klare du å estimera på ein skala frå 1-10, den positive eller negative effekten den saken hadde på di psykologiske velvære? Og då er 10 mest negativ.

Part: 10 er mest negativ?

Intervjuar: Ja.

Part: Ehh.. Ja.. 5, midt på treet – trur eg.

Intervjuar: Kor lenge hadde budd eller brukt det arealet?

Part: Ehh.. eg hadde vell leigt det i.. Eg er ikkje heilt sikker på kor mange år det var då. Men rundt ein 4-5 år, trur eg.

Intervjuar: Vil du sei om du arbeidde fulltid eller deltid på arealet?

Part: Ehh... Det var berre deltid. For det var sånn tilleggsjord, då.

Intervjuar: Og så er det på ein skala frå 1-10 igjen. Kor viktig er det arealet for deg følelsmessig? Då er 10 viktigast.

Part: Følelsmessig?

Intervjuar: Ja.

Part: Eg er jo avhengig av det, holdt eg på å sei. Men det er for drifta på garden, men ikkje sånn privat.. Då er det ikkje så nøye.

Intervjuar: Så vil du sei at du ligge midt på treet der og då, eller?

Part: Ja, vil sei det.

Intervjuar: Og dette arealet, klare du å plassere det om det er tunareal, innmark eller utmark?

Part: Meste delen er utmark, felles utmark. Men det er berre eit lite stykke eller bittelitt som er dyrka.

Intervjuar: Og kva synst du om eigedomen din før jordskifte?

Part: Ja.. Eg eigde jo ikkje den då. Så det blir litt vanskeleg å svara på.

Intervjuar: Men visst du tenkje på sjølve jordskifte, kom eigedomen betre, uforandra eller verre ut?

Part: Den vart jo betre då.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok frå jordskifte var gjennomført til endringa fant stad ute i marka?

Part: Huff, nei ikkje sånn.. Det klare eg ikkje å ta igjen. Det gjekk vell ei gode stund, men om det gjekk eit år eller noko sånt, hugsa eg ikkje.

Intervjuar: Hugse du kor lang tid det tok å venne seg til tanken på at du skulle i jordskifteretten?

Part: Njaa... Det var.. Nei, eg kan ikkje hugsa at eg tenkte så mykje på det.

Intervjuar: Har lokalsamfunnet fått nytta av denne saken i form av for eksempel ein ny veg, industriområde, hytteområde eller noko sånt?

Part: Ehh.. Nei.

Intervjuar: Og så er det litt om motivasjon. Kva var din motivasjon til å gjennomføra saken?

Part: Det var jo.. Eg hadde ikkje noko motivasjon, sidan det var eit krav i.. Når eg kjøpte den garden då.

Intervjuar: Så du vart litt tvungen då, eller?

Part: Ja, var for så vidt det.

Intervjuar: Og kva relasjon hadde du til dei andre motpartane? Er det naboar eller noko familie?

Part: Det er naboar.

Intervjuar: Og korleis var forholdet dåkas før denne saken?

Part: Ehh.. Den eine.. Eller det var to naboar, i grunn. Den eine har alltid vore godt, og den andre den er litt dårlegare. Før eg kjøpte det og.

Intervjuar: Hadde du noko form for samarbeid med desse før jordskiftet?

Part: Ehh.. nei.

Intervjuar: Har dåke hatt noko samarbeid etter saken?

Part: Nei, ikkje noko sånt spesielt. Ikkje.. Eller me har litt reiskap og slikt som me har i saman, då. Men ikkje noko meir enn det.

Intervjuar: Vil du sei at forholdet dåkas kom ut av saken betre, verre eller uforandra?

Part: Eg vil sei uforandra.

Intervjuar: I kva grad følte du deg forstått av dommaren i denne saken?

Part: Gode, trur eg.

Intervjuar: Saksbehandlinga, gav den deg tryggleik eller usikkerheit?

Part: Nei, tryggleik vil eg sei.

Intervjuar: Synst du at du fekk nok rettleiing av retten til å ivareta dine interesser?

Part: Ja, det vil eg sei.

Intervjuar: I kva grad har bekymringar om å få eit dårleg naboforhold påverka avgjerdene dine i saken?

Part: Nei.

Intervjuar: Kan du sei noko om oppførsel til motpartane?

Part: Den eine skapte seg litt, men det vart noko mellom dei to andre då. Så der var det litt ueinigheit, trur eg. Eller dei var ikkje heilt einige med det andre byttet, holdt eg på å sei. Men det... Det hadde ikkje direkte noko med meg å gjer.

Intervjuar: Og i kva grad brukte dåke advokat?

Part: Ehh.. Ein av dei andre partane hadde med advokat på eit møte, veit eg. Men eg veit ikkje heilt kva det gjaldt.. Eller jo, eg trur det var noko med det der så jordskifteretten si avgjersle, eller.. Med dei to andre partane då.

Intervjuar: Og så er det litt om konfliktnivå. Før saken, følte du at det var eit konfliktnivå?

Part: Njaa... gjedna.

Intervjuar: Undervegs i saken, følte du at konfliktnivået auka eller minska?

Part: Nei, det var same, trur eg.

Intervjuar: Og etter saken, då?

Part: Nei, då hadde det for så vidt roa seg.

Intervjuar: Og kva med i dag? Er det blitt enda betre i dag, for å sei det slik?

Part: Ja, det er vell blitt tålig greit no, ja.

Intervjuar: Og det siste spørsmålet er om du har lyst å tilføya noko meir om saken?

Part: Ehh.. Nei. Ehh.. Eg får sei at det er greitt at det er sånn rett, og at dei er uavhengige til å ta seg av det. For dei var ganske profesjonelle, dei i jordskifteretten.